



Kinn kommune

Møtebok

Utval:	Kommunestyret
Møtestad:	Florø kulturhus, Festsalen
Dato:	12.12.2023
Tid:	Kl. 09:00 - 19:15

Følgjande medlemmer møtte	Parti
Jan Gunnar Holvik	INP
Lillian Bratholmen	INP
Anders Ole Sunnarvik	Kinn AP
Doris Christensen	Kinn AP
Ninja Tolo Ness	Kinn AP
Ola Teigen	Kinn AP
Tor Åge Gravdal	Kinn AP
Tove Lill Refvik Volle	Kinn AP
Frank Willy Pedersen Djuvik	Kinn FrP
Miriam Johanne Nesje	Kinn FrP
Ronny Mobakken	Kinn FrP
Anett Berg	Kinn H
Arlene Vågene	Kinn H
Bengt Solheim-Olsen	Kinn H
Bente Olseth	Kinn H
Dagrun Almenning Kvalheim	Kinn H
Mats Brunsvik	Kinn H
Morten Andreas Hagen	Kinn H
Ørjan Kvalheim	Kinn H
Aud Norunn Vig	Kinn KrF
Gustav Johan Nydal	Kinn KrF
Geir Ole Oldeide	Kinn Rødt
Hege Chatrine Brandsøy	Kinn Rødt
Kjell-Jarle Oldeide	Kinn Rødt
Anita Eikevik	Kinn SP
Jan Arve Midtbø	Kinn SP
Bente Nilsen	Kinn SV
Jon Valur Olafsson	Kinn SV
Anne Marit Seljeseth	Kinn V
Edvard Iversen	Kinn V
Jacob Andrè Telvik Nødseth	Kinn V

Forfall	Parti	Varamedlem	Parti
Silje Ødegård Standal	Kinn AP	Bente Nygård	Kinn AP
Stine Kråkenes Øvrelid	Kinn AP	Marie Kristine Øverås Jensen	Kinn AP
Kjell Bjørn Refvik	Kinn FrP	Bjarne Holme	Kinn FrP
Kjell-Magne Kvalheim	Kinn FrP	Per Olav Hauge	Kinn FrP
Hanne Eva Husebø Kristensen	Kinn H	Siri Sunde	Kinn H
Håkon Skram Heggen	Kinn H	Solbjørg Myrhaug Teige	Kinn H
Daniel Erik Adrian	Kinn	Marie Kronen Tveranger	Kinn Rødt

Ninja Tolo Ness fråtreddde møte kl. 12.15-14.45, vara Agnieszka Toporska tiltredde møte.
Frank Willy Djuvik fråtreddde møte kl. 14.25, og vara Martin Inge Eikås tiltredde møte.
Arlene Vågene fråtreddde møte kl. 14.00 og vara Terje Svardahl tiltredde møte.
Jacob Nødseth fråtreddde møte kl. 17.00 og vara Hilmar Eliasson tiltredde.

Frå administrasjonen møte:

Øyvind Bang-Olsen
Rolf Bjarne Sund
Linda Nipen
Norunn Stavø
Runa Nybakk
Ingunn Frislid Solheim
Henrik Ulriksen
Frida Rogne

Andre som møte:

Leiar i kontrollutvalet, Kjell Heggen
Ungdommens kommunestyre v/ Vilde Johannesen og Hanna Folgerø-Kirkeide
Dagleg leiar Florø Hamn, Linda Mortensen Midtbø
Dagleg leiar Bordgleder, Halvor Halvorsen
Dagleg leiar Havhesten, Magny Rogne
Dagleg leiar Kinn utdannings- og ressurscenter, Eva Melvær Langaas

Arbeidsmiljøprisen 2023:

Arbeidsmiljøprisen 2023 vart tildelt Stine Aase Myhre v/ Måløy psykisk helse og rus.

Val av settevaraordførar:

Anita Eikevik vart samrøystes valgt som settevaraordførar i møte frå kl. 17.00, frå røysting i sak 179/23 og ut møte.

Bengt Solheim-Olsen
Ordførar

Sakliste

Sak nr.	Sakstittel
168/23	Godkjenning av innkalling og sakliste
169/23	Godkjenning av møteprotokoll
170/23	Refererte skriv og meldingar
171/23	Interpellasjonar
172/23	Spørsmål
173/23	Handlingsplan 2024 og økonomiplan Florø Hamn Kinn Kommune KF 2024-2027
174/23	Revidert investeringsbudsjett Florø Hamn Kinn Kommune KF 2023
175/23	Havhesten Kinn kommune KF - Budsjett, økonomiplan og handlingsprogram 2024 - 2027
176/23	Kinn utdannings- og ressurscenter KF - Budsjett, økonomiplan og handlingsprogram 2024 - 2027
177/23	Handlingsplan Bordgleder KF 2024
178/23	Budsjett og økonomiplan Bordgleder KF
179/23	Kinn kommune - Budsjett, økonomiplan og handlingsprogram 2024-2027
180/23	Møteplan 2024
181/23	Tenestestandard
182/23	Retningslinjer for utmåling av omsorgsstønad
183/23	Vurdering - konkurranseutsetting tenestepensjon, fellesordninga
184/23	Sluttbehandling - Detaljregulering for Skram, gbnr. 316/77 mfl., skule og bustad
185/23	Saga Kraftverk - igangsetting og val av driftsmodell
186/23	Tilskot politiske parti i Kinn kommune - 2023
187/23	Samfunnsdelen til kommuneplanen 2024-2036 i Kinn og planstrategi
188/23	Høyringsmerknad - Strømutvalet si innstilling "Balansekunst"
189/23	Val av medlem og varamedlem til representantskapet i Fjordane friluftsråd
190/23	Søknad om midlertidig permisjon/fritak frå politiske utval for perioden 01.01.2024 - 01.07.2024 - Roy Husevåg
191/23	Innspel til kandidatar til styre i Ålfotbreen landskapsvernområde



Saksnr.	Utval	Møtedato
168/23	Kommunestyret	12.12.2023

Godkjenning av innkalling og sakliste

KOST- 168/23 Vedtak:

Innkalling og sakliste vert godkjent.

Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak:

Innkalling og sakliste vert godkjent.

Behandling i Kommunestyret 12.12.2023:

Godkjenning av innkalling:

Ordførar orienterte om at møtetida er satt til kl. 18.00, men at det er mogleg å utvide møtetida til 19.30 dersom det blir behov for det.

Godkjenning av sakliste:

Repr. Brandsøy påpeikte at det var 4 forskjellige saker om handlingsplan, budsjett og økonomiplan tilhøyrande Bordgleder, men at to av desse var blitt fjerna. Ordførar orienterte om at det ved ein feil vart laga 4 forskjellige saker, og at dokumenta frå dei to sakene som vart fjerna ligg inne i sakene 177/23 og 178/23.

Sak 187/23 Samfunnsdelen til kommuneplanen 2024-2036 i Kinn og planstrategi vart trekt frå saklista - 12 røysta i mot å trekke saka frå saklista (AP 8, 2 KRF og 2 SV).
Sak 191/23 Innspel til kandidatar til styret i Ålfotbreen landskapsvernområde vart lagt til på saklista.

Taletid:

Taletid på 5 minutt med 1 minutt per replikk - samrøystes vedtatt.
10 minutt taletid på budsjettframlegga - samrøystes vedtatt.

Røysting:

Kommunedirektøren si tilråding vart samrøystes godkjent.

KOST- 168/23 Vedtak:

Innkalling og sakliste vert godkjent.



Saksnr.	Utval	Møtedato
169/23	Kommunestyret	12.12.2023

Godkjenning av møteprotokoll

KOST- 169/23 Vedtak:

Møteprotokollen vert godkjent som den ligg føre.

Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak:

Møteprotokollen vert godkjent som den ligg føre.

Møteprotokoll frå siste møte ligg i Acos møteportal og på Kinn kommune si heimeside.

Behandling i Kommunestyret 12.12.2023:

Røysting:


Kommunedirektøren si tilråding vart samrøystes godkjent.

KOST- 169/23 Vedtak:

Møteprotokollen vert godkjent som den ligg føre.

Vedlegg i saken:

Protokoll - Kommunestyret - 30.11.2023



Saksnr.	Utval	Møtedato
170/23	Kommunestyret	12.12.2023

Refererte skriv og meldingar

KOST- 170/23 Vedtak:

Ingen vedtak.

Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak:

Meldingane vert tatt til etterretning slik dei ligg føre.

Behandling i Kommunestyret 12.12.2023:


Ingen refererte skriv og meldingar til møte 12.12.2023.

Røysting:

Ingen røysting.

KOST- 170/23 Vedtak:

Ingen vedtak.



Kinn kommune

Arkiv: FE-033
JournalpostID: 23/50473
Sakshandsamar: Frida Rogne
Dato: 05.12.2023

Saksframlegg

Saksnr.	Utval	Møtedato
171/23	Kommunestyret	12.12.2023

Interpellasjonar


KOST- 171/23 Vedtak:
Ingen vedtak.

Behandling i Kommunestyret 12.12.2023:

Ingen interpellasjonar til møte 12.12.2023.

Røysting:
Ingen røysting.

KOST- 171/23 Vedtak:
Ingen vedtak.



Saksnr.	Utval	Møtedato
172/23	Kommunestyret	12.12.2023

Spørsmål

KOST- 172/23 Vedtak:

Ingen vedtak.

Behandling i Kommunestyret 12.12.2023:

Spørsmål frå repr. Nødseth:

1. Det har vore diskusjon tidlegare om status for Sunnfjord Medisinske senter i Florø og Helse Førde sitt engasjement, er det noko nytt der?
2. Ålfotbreen landskapsvernområde ligg i Kinn, Bremanger og Gloppen kommunar. Styret i verneområdet søker midlar frå Miljødirektoratet, og dei midlane ein ikkje brukar opp ved årsslutt skal returnerast til staten. Ein har sida oppretting av landskapsvernområde i 2009 prioritert i veldig stor grad Hope og Skjerdalen, og veldig liten grad vår del. Det har eg gått inn for å snu, og har fått styret med meg på å søke midlar og fått midlar frå Miljødirektoratet til å utbetre portalen Grøndalen. Der har vi i 2023 fått midlar til å utarbeide ein parkeringsplass. Dersom arbeidet ikkje er gjennomført og pengane brukt før nyttår må desse pengane tilbake til staten. Det som skjer då er at det tek eit halvt år frå vår områdeforvaltar kontaktar kommunen og ber om løyve til å utbetre parkeringsplassen til man får svar. Var sjølv inne å purra fleire gangar før vi fekk svar. Vi klarte å snu det, og det gjør at vi klarte å bruke pengane vi hadde der, i tråd med grunneigar sine ønsker og forventningar.

No har vi fått midlar til å utbetre stien frå Grøndalen til Blåbrebu. Der har vi satt av penga til å leige inn nokon til å gjere arbeidet, og dei pengane må vi sannsynlegvis sende tilbake til staten, då kommunen ikkje har gitt helikopterløyve. Eg veit det har blitt purra på fleire gangar, utan at noko skjer. Når eg i tillegg får høyre frå næringslivet at det er krevande å få svar frå plan- og byggesaksavdelinga, så er mitt spørsmål: er ordførar og kommunedirektør fornøyd med den situasjonen eg beskriver, og kva gjer man for å sørge for at det er mogleg for folk som vil utvikle noko å faktisk gjere det, eller for staten som ønskjer å legge pengar i kommunen vår?

Svar frå kommunedirektøren:

1. Helse Førde og SMS: Vi har hatt ganske mange møter med Helse Førde med tanke på

nedskallering av tilbodet i Florø. Vi har hatt ein god dialog, men vi veit at Helse Førde mest sannsynleg kjem til å gjere endringar. Kommunestyret har motteke administrerande direktør si innstilling til styret, og der går det fram at han ønsker å jobbe vidare med tilboda og nedskallere dei. Også er SMS og fagmiljøa våre invitert til å delta i den omstillingsprosessen som no pågår.

2. Plan- og byggesaker: Dette har vore ei utfordring den siste tida, spesielt relatert til arbeidet med kommuneplanen sin arealdel som har vore omfattande og kapasitetskrevande. Det har nok ført til at det har gått utover anna sakshandsaming både på plansaker og byggesaker. Vi har fått ganske mange nye medarbeidarar i det siste, nokon har slutta og vi har fått rekruttert tilbake. Vi ser fram til når dei nye medarbeidarane har blitt litt meir røynd, då ser eg for meg at dette kan betrast. Dette er og eit tema som leiar av plan- og miljøutvalet saman med kommunalsjefen, vil ha ein løpande dialog om.

Spørsmål frå repr. Teigen:

Anbudet på Skram skule skal leverast 15. desember, og det er stor interesse for prosjektet, og forhåpentlegvis mange tilbydarar som vil krige om å vinne ei viktig kontrakt. Det er eit pressa byggemarked, det er mange som går utfordrande tider i møte lesar vi i avisa, og ein sånn jobb er både stor og viktig for mange.

Samtidig veit vi at terskelen for å begå feil i offentlege anskaffingar er liten. I anbudet om ny brannstasjon i Florø så ser vi korleis nærast milimentera kan skilje oss frå å kunne tildele jobben til eit firma, og det å hamne i KOFA og kanskje må avlyse heile konkurransen. Difor uroa det meg når eg les i Firdaposten at representantar frå Høgre har sær møte med ulike, ikkje namngitte entreprenørar, kor dei diskuterer anbudet som no skal leverast.

Eg synst det er rart at man etter å ha hatt ekstraordinært kommunestyremøte sender inn spørsmål og avgjør saka, og at man har samtalar med entreprenørar som skal levere pris på jobben, heilt uten at kommunen kjenner til det. kommunen er ein. Når partiet som har den øvste juridiske representanten i sine rekke, har møter undervegs i anbudsutforming, kva er det som skjer og kva er det ein forsøker å oppnå, og kva diskusjonar er det ein har? Kunne kommunedirektøren eller prosjektsjefen hatt slike diskusjonar med enkelt entreprenørar? nei, sannsynlegvis ikkje.

Det eg reagerer mest på, er når Høgre fortel at ein ikkje stoler på informasjonen frå kommunedirektøren, også har man eit ekstraordinært møte i kommunestyret der vi skal vedta om vi skal avlyse anbuds konkurransen, og få inn ein opsjon på ein større skule, der forhold ikkje Høgre seg til kommunedirektøren sine råd, men ein ikkje namngitt entreprenør som kanskje deltek i konkurransen.

Når det er der informasjonen til enkeltpartier som er med å styre kva ein gjer vedtak om, så kan ein tenke seg at entreprenøren påverkar partiet Høgre, som bidreg i eit gitt vedtak i kommunestyret. Eg skal ikkje påstå at det har skjedd, men når slike samtalar skjer så oppstår det rom for diskusjonar, usikkerheit, og spørsmål om kva det eigentleg er som skjer.

Eg tenker at vi kan ikkje ha det slik, og eg tenker det er på tide at vi får retningslinjer på korleis vi som politikarar skal oppføre oss når anbudet er gått ut, og bedrifter som er i konkurranser sitt å lagar sine anbuds dokument. Då er spørsmålet mitt: korleis skal vi som politikarar forholde oss i ein slik prosess, kva kan vi tillate oss, og kva kan ev. vere med å skade ein anbudsprosess?

Svar frå kommunedirektøren:

Ang kontakt mellom entreprenør i ein anbudsperiode og politikarar, kan det vere problematisk fordi nokon andre kan tru at nokon påverkar konkurransegrunnlaget. Det er ein forutsetning at all formell dialog mellom kommunen og utbyggerar, skal gå via våre datasystem. Det er ein klagegrunn dersom ein veit at nokon har påverka

konkurransegrunnlaget. så dette skal ein vere veldig forsiktig med. Eg veit ikkje kva som har skjedd her, så eg snakkar på generelt grunnlag. Ang at skulen kan utgreiast til 280, kan det vere problematisk i forhold til det anbodet som er satt i forhold til tildelingskriteria. Som de så i KOFA-saka så var KOFA av ein anna formeining enn frå kommune si side når vi sa at det eine tilbodet hadde tilstrekkeleg med parkeringsplassar. KOFA som er klageorganet for offentlege anskaffingar, avviste saka. så eg trur vi skal vere veldig forsiktige med å gjere justeringar og tru at vi i kontraktsmessig forstand kan gjere andre ting enn det som står i konkurransegrunnlaget. Då er vi på usikker grunn, og vi lagar oss kanskje klagegrunnar, og kanskje moglegheiter for at andre påverker. Eg veit ikkje kva som har skjedd her, men dette er på generelt grunnlag slik vi oppfattar saka.

Spørsmål frå repr. Midtbø:

Status på arbeidet med Brandsøyvegen?

Svar frå ordførar:


Fylkesdirektøren har tatt det ut frå sitt budsjett, så dersom det ikkje blir eit anna politisk vedtak i morgon så er prosjektet ute. så det er berre å påverke sine egne parti, så godt som ein kan.

Røysting:

Ingen røysting.

KOST- 172/23 Vedtak:

Ingen vedtak.



Saksnr.	Utval	Møtedato
042/23	Styret i Florø hamn KF	17.11.2023
134/23	Formannskapet	27.11.2023
173/23	Kommunestyret	12.12.2023

Handlingsplan 2024 og økonomiplan Florø Hamn Kinn Kommune KF 2024-2027

KOST- 173/23 Vedtak:

Handlingsplan for Florø Hamn Kinn Kommune KF 2024 vert godkjent som vedlagt saka.

Driftsbudsjett 2024-2027 og investeringsbudsjett 2024-2027 for Florø Hamn Kinn Kommune KF vert vedteke slik det ligg føre.

Budsjett og økonomiplan skal samsvare med Kinn kommune sitt budsjett og økonomiplan i sak 179/23.

Vedtak som innstilling frå Formannskapet - 27.11.2023

Handlingsplan for Florø Hamn Kinn Kommune KF 2024 vert godkjent som vedlagt saka.

Driftsbudsjett 2024-2027 og investeringsbudsjett 2024-2027 for Florø Hamn Kinn Kommune KF vert vedteke slik det ligg føre.

Innstilling frå dagleg leiar:

Handlingsplan for Florø Hamn Kinn Kommune KF 2024 vert godkjent som vedlagt saka.

Driftsbudsjett 2024-2027 og investeringsbudsjett 2024-2027 for Florø Hamn Kinn Kommune KF vert vedteke slik det ligg føre.

Bakgrunn for saka:

- Handlingsplan for Florø hamn KF 2024
- Investeringsbudsjett 2024-2027, med prognose for åra 2028-2033
- Driftsbudsjett for 2024-2027
- Økonomiarbeid

Sjå vedlegg for totaloversikt, for handlingsplan 2024, investeringsbudsjett 2024-2027 og driftsbudsjett 2024-2027.

Saksopplysningar:

1. **HANDLINGSPLAN 2024**

Hamneplanen (2020 – 2040) er det overordna styringsdokumentet til Florø hamn KF.

Handlingsplanen er årsplanen med prioriteringar. Dei største linjene er med her, mens detaljane ligg i vedlikehaldsstyringssystemet ProResult. Målet er at handlingsplanen skal vere kort, brukarvenleg og gjennomførbar. Sjå handlingsplanen i sin heilhet som vedlagt saka.

2. **INVESTERINGSBUDSJETT 2024-2027**

Viser til sak «027/23 - [23/35489 - Økonomiplan Florø Hamn Kinn Kommune KF - Investeringsbudsjett 2024-2033](#)» der det ble vedtatt at Florø Hamn skulle nytte konserninterne låneopptak lik 30 millioner pr år de neste 10 åra – totalt 300 millioner kroner. Vedtaket vart gjort med grunnlag i frist for låneopptak til Kinn Kommune, og for å synliggjere ønska og planlagt aktivitet i dei neste 10 åra. Investeringsbudsjettet var ikkje klart på vedtakstidspunktet.

Som følgje av høgt investeringsnivå siste åra, ser vi i økonomiplanperioden at vi må roe noko ned. Auka rentenivå er krevjande, og det høge investeringsnivået vi har hatt medfører og høge avdragsutgifter. Både avdrag og renter skal i størst mogleg grad finansierast over drift. 30 millioner i nye interne lån er ikkje forsvarleg som tillegg til eksisterande lånegjeld. Vi kan difor ikkje investere der finansiering baserar seg på 30 millioner kvart år i konserninterne lån.

Det vil i 2024 fortsett vere høgt nivå med total investeringskostnad på kr. 36.050.000. Usemje vedrøyrande sluttoppgjer til Totalentreprenør er sterkt forsinka. Vi legg difor inn ein større post for prosjekt 10001 – Nybygg Fugleskjærkaia og i 2024. Elles er det hovudsakeleg investeringar som gjeld vedlikehaldspostar som er nødvendige til å gjennomføre for å sikre vidare drift. Vi har og noko nyinvesteringar som vil bidra til auka inntekter framover.

For åra 2025-2027 vil investeringsnivået vere lavt. Sjå vedlegg for total oversikt pr år. Merk at det ligg ved tre ulike oversikter; Ei som viser alle postar, ei som viser investeringskostnad og ei som viser bruk av konserninterne lån.

Dei prosjekta som startar med NY er nye prosjekt som ikkje har vore handsama tidlegare. Vi har sett oss nødt til å flytte på fleire av prosjekta, for å kunne planlegge utifrå ein forsvarleg økonomi.

Vi har valgt å dele opp våre planlagde investeringar i 3 typer;

a. **Investeringsprosjekt.**

* Gir meir inntekter /lågare utgifter enn investeringa. Vert kun inngått ved forpliktande avtaler

** Investering som indirekte gir meir inntekter på sikt (rekkefølgjekrav)

Dette gjeld følgjande prosjekt:

Pri	Prosjekt
-----	----------

1. 10001 – Nybygg Fugleskjærkaia **
2. 10006 – Veg til kai Botnastranda Aust **
3. 10000 – Kjøp av areal **
4. 10014 – Veg til offentlig kai **
5. 10029 – Det grønne skiftet **
6. 10012 – Flytebrygge ved Fiskerikai i Hestenes *
7. 10028 – Lager Fugleskjærkaia *
8. 10026B – Flytte containerterminal del II **
9. 10019 – Utvide Botnastranda Aust til 150 meter *
10. 10016 – Forlenging kai C Fugleskjærkaia *
11. 80025 – Kjøp og sal av aksjer Skipskraft **
12. 80026 – Kjøp og sal av aksjer Måsholmen **
13. NY10044 – Utvide bakareal Fiskerikaia *
14. NY10045 – Infrastruktur Alden *

Prosjekt med prioritering 1-5 må være med for å sikre videre drift, dei resterande er planer om økonomien tillet det på sikt.

b. **Prosjekt for vedlikehold**

Dette gjeld følgjande prosjekt:

Pri	Prosjekt
1.	NY10034 – Dekke bakareal kai C
2.	NY10035 – Oppgradere eksisterande ferjebru
3.	NY10037 – Vann/Strøm Gjestebrygga
4.	10022 – Rehabilitering Gunhildvågen
4	10034 – Rehabilitering under kai Gunhildvågen
5.	NY10039 – HMS på kaiene
6.	NY10041 – Båt og anlegg, utstyr
7.	NY10038 – Kaiskinner kai D
8.	NY10042 – Tak lagerbygg kai D
9.	10023 – Nytt dekke amtskaia
10.	NY10043 – Nye flytebrygger Gjestebrygga
11.	NY10040 Fasade lagerbygg kai D

Prosjekta som har prioritet frå 1-8 må være med for å sikre vidare drift. Prioritering 9-11 vil bli gjennomført om økonomien tillet det. Ein må og vurdere om det er naudsynt å selje/avhende nokon av hamnas objekt for å sikre forsvarleg økonomi og drift.

c. **Driftsutstyr**

Dette gjeld følgjande prosjekt:

Pri	Prosjekt
1.	10020 – Elektrisk bil med åpent tak (Pickup)
2.	NY10033 – Bilhenger med karmar
3.	NY10032 – Feiemaskin

Prosjekta som har prioritet frå 1-2 må være med. Prioritet 3 kan utsettast og bli erstatta med å kjøpe inn tenesta.

3. **DRIFTSBUDSJETT 2024**

Kommentarer for større avvik frå tidlegare år:

Inntekter:

- Avfallsvederlag. Nye retningslinjer frå 01.10.23 medfører høgare inntekter enn tidlegare år.
- ISPS. Budsjett tar utgangspunkt i prognose for 2023. Viser god inntektsauke frå tidlegare år.
- Passasjeravgift. Lågare budsjett enn tidlegare år. Passasjervederlaget er under endring. Kinn Kommune har valgt å ta det bort, og heller fakturere ein sum ein gong pr år for anløp til/frå øyane. For Norled/Skyss vil passasjervederlaget verte ein del av leigeavtale av anlegget.
- Utleige. Alle bygg og det meste av uteareal er nå leigd ut på langtidskontrakter.

Utgifter:

- Kjøp av tenester. Liten auke. Vi ser at blant anna kai G medfører høgare utgifter.
- Kurs personal. Vi lev i ei tid med stadig skjerpa krav til kompetanse. Denne posten har tidlegare vore innbakt i annen post. Viktig å synleggjere at vi fokuserer på kompetanseheving internt

Renter og avdrag:

- Som følgje av høy investeringskapasitet ser vi auka avdrag pr år.
- Rentenivået er høgt, og dette får stor konsekvens på driftsbudsjettet både i 2024 og truleg i åra framover.

Vi ser at vi for 2024 vil ende opp med høgt meirforbruk, og dette må dekkast inn via disposisjonsfondet til Florø Hamn. Meirforbruk vil vi også sjå i åra framover 2025-2027.

Åra fram til og med 2022 har vore gode og vi har bygd opp disposisjonsfondet. Dette for å være styrka til å gjennomføre dei store og tunge prosjekta våre. Det vert dermed som forventa at vi nå får nokre år der vi bruker av disposisjonsfondet i staden for å bygge det vidare opp, og i tråd med tidlegare vedtak frå styret i Florø Hamn Kinn kommune KF.

Sjå vedlegg for framlegg til driftsbudsjett 2024.

For økonomiplanen 2025-2027 har vi brukt 5% auke generelt for både inntekter og utgifter. Av auke utover dette finn vi:

1. Ein tilsett ekstra frå 2025. Ressursen skal delast mellom Florø Hamn og Alden Hamneområde
2. Auke i utleigeinntekter frå 2025 som følgje av investeringar gjennom 2024
3. Avdrag og renter er i tråd med investeringsbudsjett for same periode
4. Sjå vedlegg for total oversikt
 - Tala for åra 2028-2033 er ei prognose. Det er krevjande å ha overblikk såpass langt fram i tid.

4. **Arbeid med økonomi hos Florø Hamn Kinn Kommune KF, til orientering**

For både driftsbudsjettet for 2024, samt økonomiplanen for 2025-2027 har vi laga til detaljert underkalkyler for å få betre oversikt, samt at det lettar arbeidet ved justering og endringar for den enkelte type inntekt/utgift. Investeringsbudsjettet brukast som kjelde for å berekne renter og avdrag.

Florø Hamn Kinn Kommune KF ser det som uheldig at ikkje KF'et sjølv kan søkje om lånefinansiering. Dette grunna i:

- Florø Hamn har fleire prosjekt som kvalifiserer til grøne lån og dermed lågare rentesats.
- Florø Hamn ynskjer fastrentebetingelser på sine lån. Fastrente skaper betre forutsigbarhet for budsjettarbeid i åra framover. Med høg investeringsaktivitet er det særskilt viktig med forutsigbarhet for god økonomistyring og kontroll.

Florø Hamn får ikkje nytte fordelar gjennom lågare rentesats/fastrente, sjølv om vår aktivitet kvalifiserer for dette, då alle lån blir samla og går via Kinn Kommune.

Kinn Kommune og Florø Hamn samarbeidar tett om økonomirelaterte oppgåver og mykje fungerer godt. Men vi ynskjer oss enda betre samarbeid gjennom formidling av fristar og tydlegare grensesnitt slik at vi til einkvar tid veit når tala er oppdatert og klare for vidare analyse, samt at vi er klare og godt forberedte for politisk handsaming.

Vurderingar:

«Skriv her»

Økonomiske konsekvensar:

Handlingsplanen og budsjettframlegget for 2024 er tett knytta saman

Aktuelle lover, forskrifter, kjelder:

«Skriv her»

Behandling i Kommunestyret 12.12.2023:

Orientering v/ dagleg leiar Linda Mortensen Midtbø.

Røysting:

Innstilling frå formannskapet samrøystes vedtatt.

KOST- 173/23 Vedtak:

Handlingsplan for Florø Hamn Kinn Kommune KF 2024 vert godkjent som vedlagt saka.

Driftsbudsjett 2024-2027 og investeringsbudsjett 2024-2027 for Florø Hamn Kinn Kommune KF vert vedteke slik det ligg føre.

Budsjett og økonomiplan skal samsvare med Kinn kommune sitt budsjett og økonomiplan i sak 179/23.

Behandling i Formannskapet 27.11.2023:

Røysting:

Innstilling frå dagleg leiar i Florø Hamn Kinn kommune KF, samrøystes vedtatt.

FORM- 134/23 Vedtak:

Handlingsplan for Florø Hamn Kinn Kommune KF 2024 vert godkjent som vedlagt saka.

Driftsbudsjett 2024-2027 og investeringsbudsjett 2024-2027 for Florø Hamn Kinn Kommune KF vert vedteke slik det ligg føre.

Behandling i Styret i Florø hamn KF 17.11.2023:

Samrøystes

FLHA- 042/23 Vedtak:

Handlingsplan for Florø Hamn Kinn Kommune KF 2024 vert godkjent som vedlagt saka.

Driftsbudsjett 2024-2027 og investeringsbudsjett 2024-2027 for Florø Hamn Kinn Kommune KF vert vedteke slik det ligg føre.

Vedlegg i saken:

Økonomiplan, Driftsbudsjett 2024-2027

Investeringsbudsjett 2024-2027 Investeringskostnad_Prognose 2028-2033


Hamneplan-2020-2040-revisjon-2023-justert-etter-handsaming-i-hamnestyret-03102023

Investeringsbudsjett 2024-2027 Investeringskostnad_Prognose 2028-2033

HANDLINGSPLAN 2024, justert 14.11.2023

Investeringsbudsjett 2024-2027 Låneopptak_Prognose 2028-2033

Forskriftsskjema 2024-2027



Saksnr.	Utval	Møtedato
040/23	Styret i Florø hamn KF	17.11.2023
135/23	Formannskapet	27.11.2023
174/23	Kommunestyret	12.12.2023

Revidert investeringsbudsjett Florø Hamn Kinn Kommune KF 2023

KOST- 174/23 Vedtak:

Revidert investeringsbudsjett for Florø Hamn 2023 vert vedteke slik det ligg føre.

Vedtak som innstilling frå Formannskapet - 27.11.2023

Revidert investeringsbudsjett for Florø Hamn 2023 vert vedteke slik det ligg føre.

Innstilling frå dagleg leiar:

Revidert investeringsbudsjett for Florø Hamn 2023 vert vedteke slik det ligg føre.

Bakgrunn for saka:

Behov for endring/revidering av investeringsbudsjett då kapasitet og andre forhold gjer til at fleire prosjekt må utsettast til seinare år, evt strykast. Dette skyldast i hovudsak lang og ikkje ferdig prosess vedrørande sluttoppgjer til totalentreprenør Consto AS for prosjekt 10001 – Nybygg Fugleskjærkaia.

Saksopplysningar:

Sjå vedlegg for total oversikt.

Det har i 2023 framleis vore høg aktivitet for å ferdigstille Nybygg Fugleskjærkaia. Dette har påverka gjennomføring av andre prosjekt. Prosessen med nybygget har dessverre dratt ut i tid, difor kjem revidering av årets investeringsbudsjett såpass seint på året. Vi ser det som hensiktsmessig å berre ha ei revidering av budsjettet, og ville vente til vi var trygge på at tala som nå leggjast fram er så riktige som vi kan forvente. Det største usikkerhetsmomentet er nybygget og kva dette ville utgjere reint økonomisk, då vi framleis ikkje er einige om sluttoppgjeret med Totalentreprenør. Dette gjeld både storleik på oppgjeret og til kva tid det skal gjerast opp.

Følgjande prosjekt utsettast:

- 10000 – Kjøp av areal
- 10006 – Veg til kai i Botnastranda

- 10012 – Flytebrygge Fiskerikai
- 10014 – Veg til offentlig kai
- 10022 – Rehabilitering G.vågen
- 10023 – Nytt dekke Amtskaia
- 10025 – Flytebrygge AMFI
- 10029 – Det grønne skiftet
- 80025 – Kjøp/sal aksjer Skipskraft

Følgjande prosjekt utgår:

- 10024 – NOKK – Vinsj – Trosser

Følgjande prosjekt må endrast i 2023:

- 10001 – Nybygg Fugleskjærkaia
- 10009 – Forsterk kai D Fugleskj
- 10013 – Sal av areal
- 80026 – Kjøp/sal aksjer Måsholmen

Følgjande prosjekt er nytt i 2023:

- 10031 – Innredning Hamnehuset

Alt i alt gir dette eit høgare behov for interne lån i 2023. Auka er på kr 6.650.000, slik at interne lån må aukast frå kr 39.650.000 til kr. 46.200.000 i 2023.

Vi vil informere om at det var lågare bruk av konserninterne lån i 2022 med grunnlag i ikkje avslutta prosjekt 10001 – Nybygg Fugleskjærkaia. Vi har også solgt areal i 2023 som har gitt oss «ikkje planlagde» inntekter på kr. 3.500.000.

Vurderingar:

«Skriv her»

Økonomiske konsekvensar:

«Skriv her»

Aktuelle lover, forskrifter, kjelder:

«Skriv her»

Behandling i Kommunestyret 12.12.2023:

Røysting:

Innstilling frå formannskapet samrøystes vedtatt.

KOST- 174/23 Vedtak:

Revidert investeringsbudsjett for Florø Hamn 2023 vert vedteke slik det ligg føre.

Behandling i Formannskapet 27.11.2023:

Røysting:

Innstilling frå dagleg leiar i Florø Hamn Kinn kommune KF samrøystes vedtatt.

FORM- 135/23 Vedtak:

Revidert investeringsbudsjett for Florø Hamn 2023 vert vedteke slik det ligg føre.

Behandling i Styret i Florø hamn KF 17.11.2023:


Samrøystes

FLHA- 040/23 Vedtak:

Revidert investeringsbudsjett for Florø Hamn 2023 vert vedteke slik det ligg føre.

Vedlegg i saken:

Endring investeringsbudsjett 2023



Saksnr.	Utval	Møtedato
136/23	Formannskapet	27.11.2023
175/23	Kommunestyret	12.12.2023

Havhesten Kinn kommune KF - Budsjett, økonomiplan og handlingsprogram 2024 - 2027

KOST- 175/23 Vedtak:

1. Kommunestyret vedtar styret for Havhesten Kinn kommune KF sitt utkast til økonomiplan og handlingsprogram 2024–2027.
2. Økonomiplan drift 2024-2027 vert vedteke i samsvar med styret for Havhesten Kinn kommune KF sitt utkast i Bevillingsoversikter – drift, skjema 1a og 1b (§ 5-4).
3. Økonomiplan investering 2024-2027 vert vedteke i samsvar med styret for Havhesten Kinn kommune KF sitt utkast i Bevillingsoversikter – investering, skjema 2a og 2b (§ 5-5).
4. Kommunestyret godkjenner at det blir tatt opp konserninternt lån til investeringar med inntil kr 6 700 000.
Budsjett og økonomiplan skal samsvare med Kinn kommune sitt budsjett og økonomiplan i sak 179/23.

Vedtak som innstilling frå Formannskapet - 27.11.2023

1. Kommunestyret vedtar styret for Havhesten Kinn kommune KF sitt utkast til økonomiplan og handlingsprogram 2024–2027.
2. Økonomiplan drift 2024-2027 vert vedteke i samsvar med styret for Havhesten Kinn kommune KF sitt utkast i Bevillingsoversikter – drift, skjema 1a og 1b (§ 5-4).
3. Økonomiplan investering 2024-2027 vert vedteke i samsvar med styret for Havhesten Kinn kommune KF sitt utkast i Bevillingsoversikter – investering, skjema 2a og 2b (§ 5-5).
4. Kommunestyret godkjenner at det blir tatt opp konserninternt lån til investeringar med inntil kr 6 700 000.

Innstilling frå dagleg leiar:

1. Kommunestyret vedtar styret for Havhesten Kinn kommune KF sitt utkast til økonomiplan og handlingsprogram 2024–2027.
2. Økonomiplan drift 2024-2027 vert vedteke i samsvar med styret for Havhesten Kinn kommune KF sitt utkast i Bevillingsoversikter – drift, skjema 1a og 1b (§ 5-4)

3. Økonomiplan investering 2024-2027 vert vedteke i samsvar med styret for Havhesten Kinn kommune KF sitt utkast i Bevillingsoversikter – investering, skjema 2a og 2b (§ 5-5)

4. Kommunestyret godkjenner at det blir tatt opp konserninternt lån til investeringar med inntil kr 6 700 000.

Bakgrunn for saka:

Styret for Havhesten Kinn kommune KF legger frem sak for behandling av økonomiplan og årsbudsjett 2024 – 2027 for Havhesten Kinn kommune KF i henhold til Kommuneleien § 14-3.

Saksopplysningar:

Styret i Havhesten Kinn kommune KF gjorde slikt vedtak den 16.10.2023 i HAVH-sak 019/2023:

Styret i Havhesten Kinn kommune KF er einige om Budsjett 2024 med økonomi-investering- og handlingsplan. Samrøystes godkjent.

Bakgrunn for saka: Budsjett 2024 er satt opp slik vi trur at Havhesten kjem ut økonomisk, sett ut frå besøkstall og auka kostnader generelt. Tippemidler som skal utbetales med kr 10 mill. i oktober 2023 og kr 10 mill. på vårparten 2024 vil redusere låneramma og vi vil få reduserte finanskostnader og følgjande reduserte overføringer. Dette er føresetnader som ligg til grunn for budsjett og økonomiplanen. I høve investering er det eit behov på fleire områder som bør følgjast opp frå 2024.

Behandling i Styret i Havhesten Kinn kommune KF 16.10.23:

Ingen merknader til budsjett 2024 og økonomiplan 2024-2027, Investeringsplan 2024-2027

og Handlingsplan 2024.

Røysting: Dagleg leiar si tilråding var samrøystes godkjent.

Vurderingar:

Styret i Havhesten Kinn kommune KF gjorde slikt vedtak den 13.11.2023 i HAVH-sak 023/2023:

Eit einstemmig styre krev at betalinga for den kommunale skulesymjinga må indeksregulast til rett nivå. Denne tenesta har våre indeksregulert moderat frå kr 1 600 000 i år 2012 til Kr 1 822 000.- i 2023. Rett indeksregulering i denne perioden berekna etter Statistisk sentralbyrå sin konsumprisindeks er 34,30 %, som skal gje ei rett betaling av tenesta med Kr 2 150 000.-

Dvs. at Kinn kommune sin betaling til Havhesten er Kr 328 000 for lite budsjettert i 2024 i framlegget frå Kommunedirektøren. Styret ser det som særskild viktig å få denne tenesta rett budsjettert som inntekt til Havhesten sidan heile det kommunale tilskotet til drift er redusert til Kr 0 frå Kr 1 366 000 i 2023.

Samstundes er Kinn kommune forplikta til å betale finanskostnader inntil spelemidlar på kr 20 mill. er innbetalt. Jfr. Vedtak Flora bystyre 089/2018.

Havhesten Kinn kommune KF skal betale kr 3 204 000,- i renter og avdrag for 2023, og dersom ikkje kr 20 mill. i spelemidlar vert utbetalt for 2024, så er det denne summen som vert retningsgjevande pluss ein sannsynleg renteauke på 0,5 %.

Styret i Havhesten Kinn kommune KF ser det som særskild viktig at dette vert ført vidare, slik at drifta kan gå som normalt i 2024 med åpningstider og tilbod til skule- og offentlege brukarar som for 2023.

Økonomiske konsekvensar:

Eventuelt avvik mellom Kommunedirektøren i Kinn kommune sitt framlegg til økonomiplan 2024-2027 for Kinn kommune og framlegg til økonomiplan for Havhesten Kinn kommune KF frå styret i Havhesten Kinn kommune KF må innarbeidast i endeleg vedtak.

Aktuelle lover, forskrifter, kjelder:

Lov om kommuner og fylkeskommuner (Kommunelova)

Forskrift om økonomiplan, årsbudsjett, årsregnskap og årsberetning for kommuner og fylkeskommuner mv

KRS – Kommunale rekneskapsstandardar

Behandling i Kommunestyret 12.12.2023:

Orientering v/ styreleiar Anders Ole Sunnarvik.

Røysting:

Innstilling frå formannskapet samrøystes vedtatt.

KOST- 175/23 Vedtak:

1. Kommunestyret vedtar styret for Havhesten Kinn kommune KF sitt utkast til økonomiplan og handlingsprogram 2024–2027.
2. Økonomiplan drift 2024-2027 vert vedteke i samsvar med styret for Havhesten Kinn kommune KF sitt utkast i Bevillingsoversikter – drift, skjema 1a og 1b (§ 5-4).
3. Økonomiplan investering 2024-2027 vert vedteke i samsvar med styret for Havhesten Kinn kommune KF sitt utkast i Bevillingsoversikter – investering, skjema 2a og 2b (§ 5-5).
4. Kommunestyret godkjenner at det blir tatt opp konserninternt lån til investeringar med inntil kr 6 700 000.
Budsjett og økonomiplan skal samsvare med Kinn kommune sitt budsjett og økonomiplan i sak 179/23.

Behandling i Formannskapet 27.11.2023:**Røysting:**

Innstilling frå styret i Havhesten Kinn kommune KF samrøystes vedtatt.

FORM- 136/23 Vedtak:

1. Kommunestyret vedtar styret for Havhesten Kinn kommune KF sitt utkast til økonomiplan og handlingsprogram 2024–2027.
2. Økonomiplan drift 2024-2027 vert vedteke i samsvar med styret for Havhesten Kinn kommune KF sitt utkast i Bevillingsoversikter – drift, skjema 1a og 1b (§ 5-4).
3. Økonomiplan investering 2024-2027 vert vedteke i samsvar med styret for Havhesten Kinn kommune KF sitt utkast i Bevillingsoversikter – investering, skjema 2a og 2b (§ 5-5).
4. Kommunestyret godkjenner at det blir tatt opp konserninternt lån til investeringar med inntil kr 6 700 000.

Vedlegg i saken:


Budsjett 2024 - Havhesten Kinn kommune KF

Investeringsbehov i Havhesten Kinn kommune KF

Handlingsprogram 2024

Bevillingsoversikt drift og investering 2024-2027 Havhesten Kinn kommune KF

Økonomiplan 2025-2027 Havhesten KF



Saksnr.	Utval	Møtedato
026/23	Styret i Kinn utdannings- og ressurscenter KF	21.11.2023
141/23	Formannskapet	27.11.2023
176/23	Kommunestyret	12.12.2023

Kinn utdannings- og ressurscenter KF - Budsjett, økonomiplan og handlingsprogram 2024 - 2027

KOST- 176/23 Vedtak:

1. Kinn kommune vedtar budsjett, handlingsprogram og økonomiplan for KURS KF slik det går fram av vedlegg til saka.
2. Kinn kommune vil busette inntil 210 flyktningar i 2024 i tråd med oppmoding frå IMDi. Eventuelle familiegjenforeiningar og busetting til nær familie kjem i tillegg. Budsjett og økonomiplan skal samsvare med Kinn kommune sitt budsjett og økonomiplan i sak 179/23.

Vedtak som innstilling frå Styret i Kinn utdannings- og ressurscenter KF - 21.11.2023

1. Kinn kommune vedtar budsjett, handlingsprogram og økonomiplan for KURS KF slik det går fram av vedlegg til saka.
2. Kinn kommune vil busette inntil 210 flyktningar i 2024 i tråd med oppmoding frå IMDi. Eventuelle familiegjenforeiningar og busetting til nær familie kjem i tillegg.

Vedtak som innstilling frå Formannskapet - 27.11.2023

1. Kinn kommune vedtar budsjett, handlingsprogram og økonomiplan for KURS KF slik det går fram av vedlegg til saka.
2. Kinn kommune vil busette inntil 210 flyktningar i 2024 i tråd med oppmoding frå IMDi. Eventuelle familiegjenforeiningar og busetting til nær familie kjem i tillegg.

Innstilling frå dagleg leiar:

1. Styret vedtar budsjett, handlingsprogram og økonomiplan slik det går fram av vedlegg til saka.
2. Kinn kommune vil busette inntil 210 flyktningar i 2024 i tråd med oppmoding frå IMDi. Eventuelle familiegjenforeiningar og busetting til nær familie kjem i tillegg.

Bakgrunn for saka:

IMDi sendte 10. november 2023 oppmoding til Kinn kommune om å busette 210 flyktningar i 2024.

Dei store innkomstane av flyktningar frå Ukraina som starta i mars 2022 har fortsatt

gjennom 2023, ein situasjon som er venta å vare også inn i 2024. Behovet for busetting nasjonalt har aldri vore større. Kinn kommune var blant kommunane som mottok ei tilleggsoppmoding i mai 2023 om å auke talet på busettingar, slik at endeleg vedtak for busetting av flyktningar for 2023 vart 220 personar.

Saksopplysningar:

Budsjettet til KURS KF heng i all hovudsak saman med kor mange flyktningar vi kvart år blir bedt av IMDi om å busette. Ved busetting er det mange tenester i kommunen som er involverte. Busettingstalet vil få betydning for dimensjoneringa av alle desse. Når ein skal vurdere kor mange flyktningar Kinn kommune kan klare å ta i mot i 2024, er det viktig med involvering og forankring hos dei som vil få oppgåver å løyse i sine tenester.

I samråd med kommuneleiinga vurderer dagleg leiar at det vil vere mogleg og forsvarleg for Kinn kommune å busette i tråd med oppmodinga frå IMDi. For å klare dette vil vi arbeide med å styrke samarbeidet mellom KURS KF og andre kommunale tenester. I starten av 2024 vil kommunedirektøren og dagleg leiar gå gjennom og revidere dei skriftlege avtalane som ligg til grunn for samarbeidet og prinsippa for økonomiske overføringar. Basert på dette arbeidet, samt ei løpande vurdering av situasjonen i dei ulike tenestene, kan det vere naudsynt å gjere endringar i rammene for overføringar til tenestene i revidert budsjett.

KURS KF har i 2023 sett i gang arbeidet med ein ny strategiplan, i tråd med handlingsprogrammet. Dette arbeidet vil vidareførast i første kvartal i 2024. Vi har eit sterkt behov for å få betre oversikt og styring med økonomien, og då særskilt dei store summene knytt til tilskotsordningane, der berre små feil kan utgjere mange hundre tusen kroner. Dagleg leiar har derfor foreslått midlar i budsjett og økonomiplan til å tilsette ein økonomirådgivar/controller. I økonomiplanen ligg det også til grunn at KURS KF skal halde fram med drift av Solbakken asylmottak med 230 plassar.

Vurderingar:

Det framlagte budsjettet tek høgde for eit dekningsbidrag på 13 millionar kroner i 2024, i tillegg til den ramma som er sett av til kjøp av/overføring til kommunale tenester. Dette er mogleg å gjere med eit høgt busettingstal også i 2024. Det er likevel viktig å understreke at dette ikkje er eit realistisk bidrag frå KURS KF i heile økonomiplanperioden. Vi må rekne med ein nedgang i talet på flyktningar etter kvart som enten situasjonen i Ukraina stabiliserer seg noko, eller regjeringa set i verk tiltak for å redusere innkomstane, noko dei så smått har starta å signalisere.

Behandling i Kommunestyret 12.12.2023:

Orientering v/ styreleiar Bjarne Holme.

Røysting:

Innstilling frå formannskapet samrøystes vedtatt.

KOST- 176/23 Vedtak:

1. Kinn kommune vedtar budsjett, handlingsprogram og økonomiplan for KURS KF slik det går fram av vedlegg til saka.
2. Kinn kommune vil busette inntil 210 flyktningar i 2024 i tråd med oppmoding frå IMDi. Eventuelle familieegjenforeiningar og busetting til nær familie kjem i tillegg. Budsjett og økonomiplan skal samsvare med Kinn kommune sitt budsjett og økonomiplan i sak 179/23.

Behandling i Formannskapet 27.11.2023:

Røysting:

Innstilling frå styret i Kinn KURS KF 21.11.2023, samrøystes vedtatt.

FORM- 141/23 Vedtak:

1. Kinn kommune vedtar budsjett, handlingsprogram og økonomiplan for KURS KF slik det går fram av vedlegg til saka.
2. Kinn kommune vil busette inntil 210 flyktningar i 2024 i tråd med oppmoding frå IMDi. Eventuelle familiegjenforeiningar og busetting til nær familie kjem i tillegg.

Behandling i Styret i Kinn utdannings- og ressurscenter KF 21.11.2023:

Punkt nummer fem i handlingsprogrammet under "I 2024 vil vi legge særskilt vekt på å:" vert endra til:

Drive forskingsbasert utvikling av tiltak, modellar og verktøy i samarbeid med universitets- og høgskulesektor. Dersom vi skal bli betre på tverrfaglege løysingar og arbeidsmetodar i arbeidet med flyktningar, asylsøkarar og innvandrarar må vi fortsatt satse på forskning og utvikling. Dette vil gjere oss betre i stand til å oppretthalde og styrke vår posisjon som ein profesjonell organisasjon i forkant av utviklinga. Systematisk arbeid med nye løysingar og kunnskap vil gjere oss betre rusta for framtida, samtidig som vi stettar bærekraftsmål nr 17: samarbeid for bærekraftig økonomisk, sosial og økologisk utvikling.

Røysting:


Tilrådinga vart samrøystes vedtatt med endringa.

KURE- 026/23 Vedtak:

1. Kinn kommune vedtar budsjett, handlingsprogram og økonomiplan for KURS KF slik det går fram av vedlegg til saka.
2. Kinn kommune vil busette inntil 210 flyktningar i 2024 i tråd med oppmoding frå IMDi. Eventuelle familiegjenforeiningar og busetting til nær familie kjem i tillegg.

Vedlegg i saken:

Rekneskapsrapport pr 31.10. og budsjett 2024 KURS KF
Handlingsprogram 2024
Ramme for kjøp av tenester 2024
Økonomiplan 2024-2027 KURS KF
Forskriftsskjema KURS KF 2024-2027



Saksnr.	Utval	Møtedato
046/23	Styret i Bordgleder Kinn kommune KF	24.11.2023
177/23	Kommunestyret	12.12.2023

Handlingsplan Bordgleder KF 2024

KOST- 177/23 Vedtak:

Kommunestyret vedtar styret for Bordgleder KF sitt utkast til handlingsplan 2024.

Dagleg leiar sitt framlegg til vedtak:

Bordgleder skal levere et positivt bidrag til livskvaliteten til våre brukar, gjennom å produsere kvalitets messing og god mat til kundegruppene våre. Me skal være et framtidsretta kjøkken og stadig tilegne oss kunnskap som gjør våre kunder en betre matopplevelse.

Bakgrunn for saka:

IA.

Saksopplysningar:

IA.

Vurderingar:

IA.

Økonomiske konsekvensar:

IA.

Aktuelle lover, forskrifter, kjelder:

IA.

Behandling i Kommunestyret 12.12.2023:

Orientering v/ dagleg leiar i Bordgleder, Halvor Halvorsen.

Røysting:


Innstilling frå styret i Bordgleder KF samrøystes vedtatt.

KOST- 177/23 Vedtak:

Kommunestyret vedtar styret for Bordgleder KF sitt utkast til handlingsplan 2024.

Vedlegg i saken:

Handlingsplan 2024 under arbeid_



Saksnr.	Utval	Møtedato
045/23	Styret i Bordgleder Kinn kommune KF	24.11.2023
178/23	Kommunestyret	12.12.2023

Budsjett og økonomiplan Bordgleder KF

KOST- 178/23 Vedtak:

Budsjettet føreset at Bordgleder ikkje leverer mat til Måløydelen av kommunen etter 1. april 2024, i tråd med kommunestyrevedtak. Budsjettet tek også inn over seg den store prisveksten som er i samfunnet, som får stor påverknad for kva det kostar å produsere middagar også for Bordgleder.

Differansen mellom kva Bordgleder budsjetterer med og det kommunedirektøren har lagt inn i sitt budsjett for kva omsorgstenesta betaler for middag til omsorgstenesta i 2024 er kroner 2.778.765.- Bordgleder sitt budsjett har høgare betaling frå omsorgstenesta, enn det kommunedirektøren no seier han legg opp til at omsorgstenesta skal betale.

Styret i Bordgleder meiner det ikkje lar seg forsvare å redusere kvaliteten på råvarene/maten som dei omsorgstrengande får levert i Florødelen, for å kompensere for bortfall av stordriftsfordelar mv. i samband med at Bordgleder KF ikkje lenger skal levere til Måløy. Styret har merka seg at kommunestyret vil bruke meir pengar på matleveringa i Måløy-delen av kommunen. Styret meiner det er påfallande dersom det same kommunestyret samstundes skal redusere kvaliteten på maten i Florø og pålegge innsparingstiltak for denne delen av kommunen.

Bordgleder driv effektivt. Styret har satt i verk omstillingsarbeid for å yttarlegare driftseffektivisere i samband med at nytt kjøkken kjem på plass, noko som skal gje ei innsparing gjennom m.a. redusert tal årsverk.

Det er også i gang eit arbeid for korleis ein, når nytt kjøkken er på plass, kan få fleire eksterne kundar for å oppnå stordriftsfordelar. Styret ser eit stort potensial her, som ein ikkje har kunne forløyse dei siste åra fordi ein har venta på å kome inn i nye lokaler. Bordgleder KF har lang og god erfaring med å levere til eksterne kundar over store delar av landet.

Budsjett og økonomiplan skal samsvare med Kinn kommune sitt budsjett og økonomiplan i sak 179/23.

Daglig leiar sitt framlegg til vedtak:

Drifts og investeringsbudsjett 2024 til 2027 for Bordgleder Kinn kommune KF
Se vedlegg.

Bakgrunn for saka:

IA.

Saksopplysninger:

IA.

Vurderingar:

IA.

Økonomiske konsekvensar:

JA.

Aktuelle lover, forskrifter, kjelder:

IA.

Behandling i Kommunestyret 12.12.2023:

Innstilling formansskapet 27.11.23, foreslått av ,
Budsjettet føreset at Bordgleder ikkje leverer mat til Måløydelen av kommunen etter 1. april 2024, i tråd med kommunestyrevedtak. Budsjettet tek også inn over seg den store prisveksten som er i samfunnet, som får stor påverknad for kva det kostar å produsere middagar også for Bordgleder.

Differansen mellom kva Bordgleder budsjetterer med og det kommunedirektøren har lagt inn i sitt budsjett for kva omsorgstenesta betaler for middag til omsorgstenesta i 2024 er kroner 2.778.765.- Bordgleder sitt budsjett har høgare betaling frå omsorgstenesta, enn det kommunedirektøren no seier han legg opp til at omsorgstenesta skal betale.

Styret i Bordgleder meiner det ikkje lar seg forsvare å redusere kvaliteten på råvarene/maten som dei omsorgstrengande får levert i Florødelen, for å kompensere for bortfall av stordriftsfordelar mv. i samband med at Bordgleder KF ikkje lenger skal levere til Måløy. Styret har merka seg at kommunestyret vil bruke meir pengar på matleveringa i Måløy-delen av kommunen. Styret meiner det er påfallande dersom det same kommunestyret samstundes skal redusere kvaliteten på maten i Florø og pålegge innsparingstiltak for denne delen av kommunen.

Bordgleder driv effektivt. Styret har satt i verk omstillingsarbeid for å yttarlegare driftseffektivisere i samband med at nytt kjøkken kjem på plass, noko som skal gje ei innsparing gjennom m.a. redusert tal årsverk.

Det er også i gang eit arbeid for korleis ein, når nytt kjøkken er på plass, kan få fleire eksterne kundar for å oppnå stordriftsfordelar. Styret ser eit stort potensial her, som ein ikkje har kunne forløyse dei siste åra fordi ein har venta på å kome inn i nye lokaler. Bordgleder KF har lang og god erfaring med å levere til eksterne kundar over store delar av landet.

Forslag frå Raudt, foreslått av Geir Ole Oldeide, Kinn Rødt

1. Kommunestyret godkjenner budsjett og handlingsplan for Bordgleder KF slik det er sett opp på side 1 i innstillinga frå føretaket.
2. Kommunestyret føreset at føretaket driftar og driv etter same linjer som har vore gjort fram til no med omsyn til utkjøring, tørrmat osv. med den endring at det frå 1. februar berre skal lagast mat til Florø-delen.

Framlegg frå KrF, AP, foreslått av Gustav Johan Nydal, Flora KrFKinn Kristelig Folkeparti
Kjøkkenet i Måløy vert opna opp i 2024, og KF Bordgleder skal drifte kjøkkenet. KF Bordgleder blir bedt om å lage eit revidert budsjett basert på dette

Røysting:

Innstilling frå formannskapet vedtatt mot 4 røyster frå Raudt.

Alternativt framlegg frå Raudt falt med 4 røyster frå Raudt.

Framlegg frå KRF og AP falt med 10 røyster frå KRF og AP.

KOST- 178/23 Vedtak:

Utbyggingsavtaler	3 000	3 000	0	3 000	3 000	0	3 000	3 000	0	3 000	3 000	0
Rehab, kyrkje, tilskot Kinn Kyrkjelege fellesråd	2 000	2 000	0	2 000	2 000	0	2 000	2 000	0	2 000	2 000	0
Sum Investeringar	5 000	5 000	0	5 000	5 000	0	5 000	5 000	0	5 000	5 000	0

Investeringer i aksjar og andelar i selskap

Beløp i 1000

	2024			2025			2026			2027		
	Innstilling	Mitt forslag	Endring	Innstilling	Mitt forslag	Endring	Innstilling	Mitt forslag	Endring	Innstilling	Mitt forslag	Endring
Kjøp og salg av aksjer og andeler	4 300	4 300	0	4 300	4 300	0	4 400	4 400	0	4 500	4 500	0
Sum Investeringar	4 300	4 300	0	4 300	4 300	0	4 400	4 400	0	4 500	4 500	0

Utlån av egne middel

Beløp i 1000

	2024			2025			2026			2027		
	Innstilling	Mitt forslag	Endring	Innstilling	Mitt forslag	Endring	Innstilling	Mitt forslag	Endring	Innstilling	Mitt forslag	Endring
Utlån	39 853	39 853	0	30 800	30 800	0	33 200	33 200	0	30 960	30 960	0

interne selskaper		53			00			00			60	
Sum Investeringer	39 853	39 853	0	30 800	30 800	0	33 200	33 200	0	30 960	30 960	0

Investeringar med endringar

Beløp i 1000

		2024			2025			2026			2027		
Investering	Startår	Innstilling	Mitt forslag	Endring	Innstilling	Mitt forslag	Endring	Innstilling	Mitt forslag	Endring	Innstilling	Mitt forslag	Endring
Grunnskule													
Skram skule, jf.budsjettvedtak B13	2024	135 000	140 000	5 000	184 500	189 500	5 000	60 000	0	- 60 000	0	0	0
Brandsøy skule og grendahus . Erstatning av tapt areal	2024	1 200	600	-600	0	0	0	0	0	0	0	0	0
Oppgradering Florø barneskule	2024	25 000	0	- 25 000	10 000	0	- 10 000	0	0	0	0	0	0
Sum Grunnskule		161 200	140 600	- 20 600	194 500	189 500	- 5 000	60 000	0	- 60 000	0	0	0
Kultur, fritid og kyrkje													
Flytting av kulturskulen frå FLOMS til kulturhuset	2024	0	0	0	5 000	2 500	- 2 500	0	0	0	0	0	0
Sum Kultur, fritid og kyrkje		0	0	0	5 000	2 500	- 2 500	0	0	0	0	0	0
Næring og samferdsle													
Toalettanlegg Torghopen Måløy	2024	0	2 000	2 000	0	0	0	3 000	0	- 3 000	0	0	0

Sum Næring og samferdsle		0	2 000	2 000	0	0	0	3 000	0	-	0	0	0
			0	0						3 000			
Bustad													
Strategiske arealkjøp	2024	15 000	0	- 15 000	0	- 15 000	0	- 15 000	0	- 15 000	0	- 15 000	
Sum Bustad		15 000	0	- 15 000	0	- 15 000	0	- 15 000	0	- 15 000	0	- 15 000	
Finans (Reservert løyving)													
Oppgraderings av formålsbygg etter plan	2024	10 000	5 000	- 10 000	5 000	- 10 000	5 000	- 10 000	5 000	- 10 000	5 000	- 10 000	
Sum Finans (Reservert løyving)		10 000	5 000	- 10 000	5 000	- 10 000	5 000	- 10 000	5 000	- 10 000	5 000	- 10 000	

Skram skule, jf.budsjettvedtak B13

Tiltaksbeskriving

Iht. vedtak i kommunestyret er prosjekt lagt ut på anbod. Dette som ein skule for 250 elevar. Kostnadane for prosjektet oppjustert i tråd med framlagt kostnads-kalkyle. Midlane er fordelt i tråd med forventa/planlagt gjennomføring av prosjektet. Det samla beløpet, til prosjektet, som er lagt inn tek høgde for ein skule til 400 elevar. Dette basert på Norconsultrapporten, og kommunedirektøren sitt framleg til framtidig skolestruktur. Bildet vise aktuell veg vidare, dersom det blir vedeke å gå vidare med ein skule for 392 (400) elevar.

Veien vidare for å eventuelt kunne ta med 392 skolen



- Eventuelt gjøre nødvendige endringer i konkurransen i tråd med kommunestyrets vedtak. (Dette kan i praksis innebære avlysning av dagens konkurranse og ny utlysning)
- Bearbeide 400 skolen vidare
 - Gjennomgå og modne konseptet til likt nivå som 250 skolen
 - Ivareta/«ferdigstille» brukerinvolveringen for også dette alternativet
- Utarbeide teknisk underlag for 400 skolen
- Omarbeide resterende konkurransedokumenter
- Fullføre konkurransen eller tilpasse konkurranse til kommunestyrets eventuelle nye vedtak.

Antatt utsettelse for prosjektet blir ca. ± 3 måneder etter dagens vedtatte fremdriftsplan

Ellers visast det til tidlegare eigne saker om prosjektet.

Brandsøy skule og grendahus. Erstatning av tapt areal

Tiltaksbeskriving

Brandsøy Grendahus SA krev erstatning for tapt areal i samband med utbygging av Brandsøy skule og i 2019/2020

Formannskapet har i sak 072/21 vedteke:

1. Det blir bygd eit nytt tilbygg i tilknytning til vestibyle mot sør på 47m2.
2. Brandsøy Grendahus SA skal vere med på planlegging og utføring.

3. Det skal gjerast ei grundig økonomisk vurdering av kostnaden ved prosjektet. Saka skal komme tilbake til formannskapet for endeleg handsaming i november 2021.

Oppgradering Florø barneskule

Tiltaksbeskriving

Naudsynt oppgradering av skulebygget, ref tiltak i Norconsultrapport, om skulestruktur. Beløpa som er lagt inn baserer seg på erfaringstal. Når forprosjekt er gjennomført vil det vere mogleg å leggje inn ein meir kvalifisert beløp. Uansett dette er ei ramma som det må arbeidast innanfor.

Flytting av kulturskulen frå FLOMS til kulturhuset

Tiltaksbeskriving

Prosjektet sin målsetning er å flytte kulturskulen frå dagens lokalar på FLOMS, over til Florø Kulturhus. Det er naturleg at kulturhuset vert reindyrka med kulturaktivitet. Talla som er meldt inn til økonomiplan 2024-2027, er ein rund sum, som ikkje har bakgrunn i ein konkret kalkyle. Når prosjektet er kome lenger, vil det vere mogleg å konkretisere kostnadane betre. Men storleiken på den ramma som er lagt inn er eit tydelig styringssignal på kva for omfang eit slikt prosjekt kan ha.

Toalettanlegg Torghopen Måløy

Tiltaksbeskriving

Samarbeidsprosjekt med Nordfjord Havn om nytt offentlig toalettanlegg i Torghopen ved torget i Måløy. Det offentlige toalettet i sentrum har svært begrensa kapasitet og er lite synlig. For å møte kommande turist tilstrømning i kommunen og i sentrum er det viktig at dette blir realisert før neste sesong. Nordfjord Havn er en vesentlig bidrags yter og bidrar sterkt i finansiering av dette. Planen er at eksisterande busskur i området blir flytta og erstattet med nytt toalettbygg.

Totalkalkyle i prosjektet er Kr 3.000.000,- , en forutsetning for prosjektet er tilskudd far Nordfjord Havn på tilsammen Kr 1.000.000,- slik at kommunen bidrag er Kr 2.000.000,- Prosjektering starta i 2021 gjennom tilskudd på Kr 100.000,- fra Nordfjord Havn.

Strategiske arealkjøp

Tiltaksbeskriving

- Benyttes til oppkjøp av strategiske eiendommer i forhold til utvikling av kommunale bygg og kommunal infrastruktur.
- Det er lagt opp til sal av eigedom tilsvarande beløp.

Oppgraderings av formålsbygg etter plan

Tiltaksbeskriving

Kommunen har over 110 000 kvm med formålsbygg. Dvs. skule, barnehagar sjukeheimar mm. Med ein stipulert nyprisvrði er dette verdiar for over 5 mrd kr. Med dei driftsbudsjetta kommunen har hatt dei siste åra forfell denne bygningsmassen. Difor er det sett i verk eit arbeid med å utarbeide ein heilskapleg tilstandsanalyse for alle bygga. Her vil det kome fram prioriterte tiltakslistar som vise behov for oppgradering og rehabilitering. Dei avsette midlane er meint å gå til gjennomføring av desse tiltaka, fordelt over fleire år. Det vil vere fokus på ENØK tiltak. Ein slik sum gjer oss eit vesentleg betre grunnlag for å ta vare på kommunen sine bygg, og på den måten sikre gode forhold for tenesteproduksjon og ivaretaking av verdiar.

Verbalforslag

Skram skule

Skram skule vert bygd som tidligare vedteke og utlyst, dimensjonert for 250 elevar. Skulen skal være klar til bruk så tidleg som muleg i skuleåret 25/26.


Vedlegg i saken:

Handsaming av budsjett og økonomiplan - innsending til Statsforvaltaren

AcosSvarInn.xml

Arkivversjon, Handlingsprogram og økonomiplan 2024-2027, utkast frå kommunedirektør

Notat - oppdatert informasjon etter kommunestyre 30. november og formannskapet 27. november



Saksnr.	Utval	Møtedato
142/23	Formannskapet	27.11.2023
180/23	Kommunestyret	12.12.2023

Møteplan 2024

KOST- 180/23 Vedtak:

Møteplan for 2024 vert vedteke med følgjande endringar:

Møtene i juni legges sånn at det er minimum 7 dager mellom formannskap og kommunestyre. Det betyr at formannskapet flyttes til 4. juni og/eller kommunestyret flyttes til 13. juni.

Budsjettmøte i desember 2024 vert flytta til 16.12.2024.

Forslag om ein temadag i løpet av hausten med tema "Natur og miljø".

Vedtak som innstilling frå Formannskapet - 27.11.2023

Møteplan for 2024 vert vedteke med følgjande endringar:

Møtene i juni legges sånn at det er minimum 7 dager mellom formannskap og kommunestyre. Det betyr at formannskapet flyttes til 4. juni og/eller kommunestyret flyttes til 13. juni.

Budsjettmøte i desember 2024 vert flytta til 16.12.2024.

Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak:

Møteplan for 2024 vert vedteke slik den ligg føre.

Bakgrunn for saka:

Sak om politisk møteplan for Kinn kommune 2024 vert lagt fram for handsaming i formannskapet og kommunestyret.

Saksopplysningar:

Formannskapet i Kinn gjorde i sak F- 012/19 følgjande vedtak:

1. Organisering av møteverksemd for politisk arbeid i Kinn kommune blir gjennomført slik det kjem fram av denne saka.
2. Prinsipp for oppsett av politisk møteplan for Kinn kommune.
 - a. Kommunestyremøta vert gjennomført på dagtid. og det skal vere minimum 6 møte i året, og ev. fleire etter behov.
 - b. Formannskapet skal ha månadlege møter, med unntak av juli og august. 4 av desse skal vere arbeidsmøter der politikk og administrasjon tek opp og diskuterer aktuelle saker. Møta gjennomførast på dagtid. Budsjettarbeid kan auke frekvensen.
 - c. Hovudutvala i Kinn skal ha 5 - 9 møter i året. Dette kan variere frå utval til utval. Møta gjennomførast på dagtid.
 - d. Det skal vere formannskapsmøte minst 7 dagar før kommunestyremøte.
 - e. Det skal vere hovudutvalsmøte minst 7 dagar før formannskapsmøte.

- f. HUL-møter, utvalsleiararmøter med administrasjonen, skal haldast 2 veker før hovudutvalsmøter.
- g. Formannskapet skal vere på torsdagar.
- h. Kommunestyret og hovudutvala skal vere på tysdagar.
- i. Hovudutvala fastset temadagar sjølv.

Den møteplanen som no blir lagt fram følgjer desse prinsippa med nokre unntak. Dette er:

- Formannskapsmøta er lagt til tysdagar og torsdagar.
- Nokre møter kan vere flytta til andre dagar enn tysdag/torsdag grunna raude dagar i tillegg til kollisjon med andre møter.

Det er lagt opp til følgjande tidspunkt for møta:

Kommunestyret, formannskapet og utvala:

Måløy 1000 – 1530. Kan evt. vare lenger eller kortare ved behov.
Florø 0900 – 1530. Kan evt. vare lenger eller kortare ved behov.

Vurderingar:

Slik som møteplanen no er lagt får vi 7 relativt like periodar med politisk arbeid i Kinn. Dette vil gjere det føreseielege både for politisk nivå, innbyggjarar og administrasjonen. Noko som igjen er viktig for kommunen si evne til å arbeide effektivt, både i høve til minst mogleg resursbruk og til produksjon av saker/vedtak.

Hovudutvalsleiararmøtet (HUL) blir viktig i forkant av kvar periode. På desse møta får ordførar ei god oversikt over sakene, og kan saman med utvalsleiarane og kommunedirektør bli samde om korleis sakene skal handsamast i det politiske systemet. Slik som møteplanen er lagt vil kvart HUL møte kunne sjå på kommande saker til både utvala, formannskapet og kommunestyret.

Det er lagt til rette for at ein skal kunne rapportere til politisk nivå pr. tertial. Vidare er det teke høgde for handsaming av økonomiplan og handlingsplan.

Økonomiske konsekvensar:

Aktuelle lover, forskrifter, kjelder:

Behandling i Kommunestyret 12.12.2023:

Temadag, foreslått av Hege Chatrine Brandsøy, Kinn Rødt
Forslag om en temadag i løpet av høsten med tema "Natur og miljø"

Røysting:

Innstilling frå formannskapet med tillegg frå Raudt v/ Brandsøy samrøystes vedtatt.

KOST- 180/23 Vedtak:

Møteplan for 2024 vert vedteke med følgjande endringar:

Møtene i juni legges sånn at det er minimum 7 dager mellom formannskap og kommunestyre. Det betyr at formannskapet flyttes til 4. juni og/eller kommunestyret flyttes til 13. juni.

Budsjettmøte i desember 2024 vert flytta til 16.12.2024.

Forslag om ein temadag i løpet av hausten med tema "Natur og miljø".

Behandling i Formannskapet 27.11.2023:

Forslag frå Raudt, foreslått av Daniel Erik Adrian Henriksson, Kinn Rødt

Endringsforslag: Møtene i juni legges sånn at det er minimum 7 dager mellom formannskap og kommunestyre. Det betyr at formannskapet flyttes til 4. juni og/eller kommunestyret flyttes til 13. juni.

Tillegg: Det legges til en politikerdag i løpet av høsten med tema "Natur og miljø".

Alternativt til politikerdag, foreslått av Jacob André Telvik Nødseth, Kinn Venstre

Kommunedirektøren kjem med framlegg til formannskapet om korleis ein, som alternativ til dagar med seminar, finn andre måtar å meir effektivt og jamnlegare løfte viktige tema som klima, natur og miljø mv på den politiske dagsorden.

Endringsframlegg frå Venstre v/repr. Nødseth - Budsjettmøte i desember 2024 vert flytta til 16.12.2024.

Røysting:

Endringsframlegg frå Raudt v/repr. Henriksson mht endring møtedatoar i juni og framlegg frå Venstre v/repr. Nødseth om møtedato i desember, samrøystes vedtatt.

Tilleggsframlegg frå Raudt v/repr. Henriksson om politikerdag falt mot 4 røyster frå R-Henriksson, SV-Olafsson og AP-Djuvik og Nesje.

Framlegg frå V v/repr. Nødseth om alternativt til politikerdag falt mot 3 røyster frå R-Henrikson, SP-Kongsvik og V-Nødseth.

FORM- 142/23 Vedtak:


Møteplan for 2024 vert vedteke med følgjande endringar:

Møtene i juni legges sånn at det er minimum 7 dager mellom formannskap og kommunestyre. Det betyr at formannskapet flyttes til 4. juni og/eller kommunestyret flyttes til 13. juni.

Budsjettmøte i desember 2024 vert flytta til 16.12.2024.

Vedlegg i saken:

Møteplan 2024 - Til handsaming i formannskap og kommunestyret nov-des 2023



Saksnr.	Utval	Møtedato
047/23	Kinn eldreråd	20.11.2023
042/23	Helse-, sosial- og omsorgsutvalet	21.11.2023
035/23	Råd for menneske med nedsett funksjonsevne	20.11.2023
130/23	Formannskapet	27.11.2023
181/23	Kommunestyret	12.12.2023

Tenestestandard

KOST- 181/23 Vedtak:

Ny tenestestandard vert tatt til etterretning, og lagt ut på høyring. Frist for tilbakemelding er 15.02.2024.

Administrasjonen skal gje ei orientering om korleis regelverket har vore praktisert.

Vedtak som innstilling frå Kinn eldreråd - 20.11.2023

Ny tenestestandard vert tatt til etterretning, og lagt ut på høyring i lag med samfunnsdelen av kommuneplanen. Frist for tilbakemelding er 15.02.2024.

Merknad: Når alt er evaluert, få tilbake til uttale i eldrerådet.

Vedtak som innstilling frå Helse-, sosial- og omsorgsutvalet - 21.11.2023

Ny tenestestandard vert tatt til etterretning, og lagt ut på høyring i lag med samfunnsdelen av kommuneplanen. Frist for tilbakemelding er 15.02.2024.

Vedtak som innstilling frå Råd for menneske med nedsett funksjonsevne - 20.11.2023

Ny tenestestandard vert tatt til etterretning, og lagt ut på høyring i lag med samfunnsdelen av kommuneplanen. Frist for tilbakemelding er 15.02.2024.

Vedtak som innstilling frå Formannskapet - 27.11.2023

Ny tenestestandard vert tatt til etterretning, og lagt ut på høyring. Frist for tilbakemelding er 15.02.2024.

Administrasjonen skal gje ei orientering om korleis regelverket har vore praktisert.

Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak:

Ny tenestestandard vert tatt til etterretning, og lagt ut på høyring i lag med samfunnsdelen av kommuneplanen. Frist for tilbakemelding er 15.02.2024.

Bakgrunn for saka:

Tenestestandard har tidlegare hatt namnet "Prinsipp og kriterium for tenestetildeling-

Helse og velferd”, og har primært vore eit hjelpemiddel for tildelingseininga i høve sakshandsaming og utmåling av tenester. No er dokumentet endra til å skulle vere både ein forståeleg informasjon til innbyggjarane og for teneste-utøvarane.

Det skal framleis vere grunnlagsdokumentet for tildelingseininga for vurdering av tenestebehov, sakshandsaming og vedtak. Det er lagt vekt på å beskrive tenestene utan for mange faguttrykk, og ei lett forståeleg presentasjonsform. Alle tenestene er bygd opp etter same mal, slik at det skal vere lett å lese og forstå.

Dette dokumentet er prega av samfunnsutviklinga, som vil forsterke seg i åra som kjem med ein stor auke i tal eldre, samstundes som talet med yngre med tenestebehov aukar. Tilgjengeleg arbeidskraft og fagkompetanse ser ein blir redusert. Det betyr at kriteria for å kunne få tenester er satt så strengt som forsvarleg innanfor rammene til helse og sosiallovgivinga, som regulerer alle tenester med vedtak. Mangelen på arbeidskraft gjer at vi ikkje kan «bemanne oss» ut av dei kommande utfordringane. Kommunen har sprett busetting og det vil ikkje vere mogleg å gje tenester der det er lang reiseavstand frå kommunesenteret. Det er naudsynt med eit enda større fokus på kva den einskilde kan klare sjølv med bistand frå pårørande og frivillige. Dette fokuset er viktig for å sikre at dei innbyggjarane som treng mest bistand får det, når dei treng det som mest. Det er knappe ressursar som skal fordelast og det er viktig at det vert gjort utifrå kriteria om nødvendig helsehjelp, solidaritet og likeverd, ressursar og organisering, samt ei vurdering av kva som er rimeleg kostnad i forhold til nytte.

Saksopplysningar:

Dokumentet «Tenestestandard» som er vedlagt, har ein del endringar frå det tidlegare vedteke dokumenter «Prinsipp og kriterier for tildeling av tenester».


For å gje ei oversikt over kva som er endra, er endringane presisert under. Der det er vist til dei ulike kapitla i tenestestandard dokumentet.

I helse, sosial og omsorgsplanen vart ny innsatstrapp vedteke.

INNSATSTRAPPA KINN KOMMUNE

«KVA ER VIKTIG FOR DEG?»

Brukarane er ofte i fleire trinn av trappa samstundes med ulike kombinasjonar av tenester



Følgande endringar er gjort:

Kap. 2.Sakshandsaming

2.3: Kommunen kan ta omsyn til eigen ressurs- og personalsituasjon ved val av tildeling av type tenester og organisering av desse. Sakshandsamar skal alltid vurdere om teneste på lågaste trinna (frivillige) i innsatstrappa kan nyttast.

Krav til å nytte verktøy «Kostnadskalkyle tenestetildeling» som hjelpemiddel i skjønnsutøving før innstilling til vedtak. Dette verktøyet er utarbeida av Agenda Kaupang basert på opplysningar frå Kinn kommune, og årleg justert for lønnsvekst.

2.4/2.5: Tydeleggjering av forventningar til både tenesteytar og tenestemottakar

Kap. 4. oversikt over tenester

Trinn 1: har ulike lågterskeltilbod utan vedtak som skal vere vurdert før vurdering om tildeling av tenester som krevjar vedtak:

- Middagsven
- Aktivitet og fellesskap
- Ope hus i Florø
- Møteplass i Selstadgården/Skaretun og Kulatoppen i Måløy
- Få besøk/hjelp til å bli aktiv
- Musikkterapi

Trinn 2:

- Digitalt tilsyn
- Kreftkoordinator
- Hukommelsesteam

Trinn 3:

- Tydeleggjering/klargjering av pårørande støtte, definisjonar og innhald
- Avlastning barn/unge kommunalt og privat – tydeleggjering av kriteria for å få tenesta, målgruppe, tenesteinnhald, og kven som kan/bør vere avlastar
- I eksisterande Prinsipp og kriterium var alle dagtilboda beskrive saman, no er dei beskrive kvar for seg:
 - Kinn kommune har endra kriteria for dagtilbod for eldre til å gjelde dei med demenssjukdom. Dagtilbod til innbyggjarar med demensdiagnose er lovpålagt.
 - Alle andre eldre med behov for dagtilbod vil få tilbod om bistand til å kunne nytte dei mange frivillige tilboda som finnast i kommunen, som er ytt av frivillig både privat og kommunal.(trinn 1 i innsatstrappa)
 - Dagaktivitets-tilboda innan psykisk helse og rus er ikkje endra, men beskrive meir detaljert.
- Fritidskontakt er gjort tydelegare på kriteria for tildeling, målgruppe og kven som bør vere fritidskontakt.
- Koordinator, barnekoordinator og individuell plan er beskrive som eigen teneste
- Praktisk bistand reinhald set større krav til den som skal få teneste, blant anna set ein krav om robotstøvugar i husstanden for å kunne få tenesta. Vil bli mogleg å leige i overgangsperiode.

Trinn 4

- Brukarstyrt personleg assistent (BPA)- tydeleggjering av målgruppe, kriteria, forventingar og presisering av kven som kan/bør vere arbeidsleiar.

Trinn 5

- Delt korttidsopphald inn i dei ulike typane:
 - Korttid
 - rehabilitering
 - Avlastning
 - ØHD
- Bruk av digital helseovervaking, etter fullmakt, for å redusere unødvendige tilsyn og forstyrring av nattesøvn natt eller dag, for å redusere uønska hendingar som til dømes fall. Alle som får tildelt plass i institusjon må signere tillating til slik overvaking

Kap 5- Innsatstrapp opp mot bustad:

- Bruk av digital helseovervåking etter fullmakt for å redusere unødvendige tilsyn og forstyrring av nattesøvn bla på natt, eller dag for å redusere uønska hendingar til dømes fall. Kan gjelde både HDO og institusjon. Alle som får tildelt plass i institusjon/HDO må signere tillating til slik overvaking.
- Det blir no sett krav til Folkeregistrert adresse i Kinn i minimum to år før tildeling av omsorgsbustad/kommunal bustad

Vurderingar:

Saman med sentrale føringar er tenestestandard meint å vere rettleiande for kommunen sine innbyggjarar og tilsette. Målet er å skape ei felles forståing for nivået på tenestene som vert ytt med bakgrunn i myndigheitskrav, politisk prioritering, faglege og juridiske vurderingar. Berekraftige tenester i framtida krev stor grad av samskaping mellom innbyggjar, kommunen og andre samfunnsaktørar. Det blir nødvendig å rette fokus på at framtidens eldreomsorg er basert på at innbyggjarane i større grad sjølv må bidra med eigne ressursar, førebuingar og tilpassingar for ein god alderdom.

Ein tenestestandard er å forstå som ei skildring av omfang og innhald i ei teneste. Standardane skal vidare seie noko om formålet med tenesta, samt målgruppe og vilkår for tildeling. Dei skal også seie noko om kva tenestemottakarane kan forvente seg av kommunen, og kva kommunen kan forvente av tenestemottakarane.

Den største utfordringa for helse- og omsorgstenestene er,- og vil bli auken i tal eldre over 80 år, og mangelen på arbeidskraft. Det er blitt merkbart meir utfordrande siste åra å rekruttere helsepersonell, då særskilt sjukepleiarar, men og helsefagarbeidarar og vernepleiarar. Årsaka er at talet på innbyggjarar i arbeidsdyktig alder går ned samstundes som talet på eldre aukar.

Det vil ikkje vere nok og tilgjengeleg arbeidskraft og kompetanse for det behovet som kjem om vi fortsett å tildele helse- og omsorgstenester som i dag. Det er ikkje mogleg å bemanne seg ut av utfordringane. Kinn kommune har innbyggjarar både i byar, bygder og øyar, og det vil bli utfordrande/umogleg å tilby tenester uansett kor ein bur.

Helse- og omsorgstenestene i kommunen skal ut frå økonomiske rammer, tilgang på kompetanse, samt langsiktig og heilskapleg planlegging, arbeide for å yte riktige tenester på riktig nivå. Tenestene skal i samarbeid med innbyggjarane bidra til auka livskvalitet og eigenmestring der målet er at alle kan bu i eigen heim så lenge som mogleg.

Innsatstrappa er vedtatt i temaplan for helse og velferd og er styrande for all tildeling av tenester. I denne tenestestandarden har vi også tatt med dei lågaste trinna i omsorgstrappa. Desse skal alltid vere vurdert før andre tenester blir tildelt.

Vi må jobbe med både helsefremming og førebygging og vi må ha støtte for kvardagsmeistring til dei som allereie har ei helseutfordring. Både det å verte vaksen, verte gammal og måtte leve med sjukdom kan sjåast på som normale, men utfordrande livshendingar, som ikkje nødvendigvis treng behandling/tenester.

Vi skal vende tenestene til større grad av helsefremming, førebygging og hjelp til sjølvhjelp. Dette gjeld tenester som tilrettelegging av eigen heim, habilitering / rehabilitering, hjelpemiddel, dagtilbod, praktisk bistand, heimesjukepleie, avlastning og omsorgsbustad.

Vedlegg :

- Tenestestandard for Helse og velferd, Kinn kommune

Behandling i Kommunestyret 12.12.2023:

Røysting:

Innstilling frå formannskapet samrøystes vedtatt.

KOST- 181/23 Vedtak:

Ny tenestestandard vert tatt til etterretning, og lagt ut på høyring. Frist for tilbakemelding er 15.02.2024.

Administrasjonen skal gje ei orientering om korleis regelverket har vore praktisert.

Behandling i Formannskapet 27.11.2023:

Framlegg frå Høgre, FrP og SP, foreslått av Frank Willy Pedersen Djuvik, Kinn Fremskrittsparti

Ny tenestestandard vert tatt til etterretning, og lagt ut på høyring. Frist for

tilbakemelding er 15.02.2024.

Utsetting, foreslått av Jacob André Telvik Nødseth, Kinn Venstre
Sak om tenestestandard vert utsett og først sendt på høyring i samband med at kommuneplanen sin samfunnsdel vert sendt på høyring. I forkant av dette skal administrasjonen gi ei orientering om korleis regelverket har vore praktisert.

Tillegg, foreslått av Frank Willy Pedersen Djuvik, Kinn Fremskrittsparti
Administrasjonen skal gje ei orientering om korleis regelverket har vore praktisert.

Utsettingsframlegg frå V v/repr. Nødseth falt mot 1 røyst frå V.

Røysting:

Innstilling frå Helse-, sosial og omsorgsutvalet fekk 1 røyst og falt, SV-Olafsson.
Framlegg frå Høgre, Frp og SP v/repr. Djuvik vedtatt mot 1 røyst, V-Nødseth.
Tilleggsframlegg frå Frp v/repr. Djuvik vedtatt mot 1 røyst, V-Nødseth.

FORM- 130/23 Vedtak:

Ny tenestestandard vert tatt til etterretning, og lagt ut på høyring. Frist for tilbakemelding er 15.02.2024.
Administrasjonen skal gje ei orientering om korleis regelverket har vore praktisert.

Behandling i Helse-, sosial- og omsorgsutvalet 21.11.2023:

Kommunalsjef helse og omsorg, Norunn Stavø orienterte og svarte på spørsmål.

Røysting:

Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak samrøystes vedtatt.

HSOUV- 042/23 Vedtak:

Ny tenestestandard vert tatt til etterretning, og lagt ut på høyring i lag med samfunnsdelen av kommuneplanen. Frist for tilbakemelding er 15.02.2024.

Behandling i Råd for menneske med nedsett funksjonsevne 20.11.2023:

Tenesteleiar helse Katrine Holvik Skinlo orienterte og svarte på spørsmål.

Røysting::

Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak samrøystes vedtatt.

RMNF- 035/23 Vedtak:

Ny tenestestandard vert tatt til etterretning, og lagt ut på høyring i lag med samfunnsdelen av kommuneplanen. Frist for tilbakemelding er 15.02.2024.

Behandling i Kinn eldreråd 20.11.2023:

Tenesteleiar helse, Katrine Holvik Skinlo orienterte og svarte på spørsmål.

Tenesteleiar Måløy heimeteneste, Anita Solberg svarte og på spørsmål.

Røysting:

Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak samrøystes vedtatt med merknad.


KIEL- 047/23 Vedtak:

Ny tenestestandard vert tatt til etterretning, og lagt ut på høyring i lag med samfunnsdelen av kommuneplanen. Frist for tilbakemelding er 15.02.2024.

Merknad: Når alt er evaluert, få tilbake til uttale i eldrerådet.

Vedlegg i saken:

Tenestestandard for helse og velferd Kinn kommune



Saksnr.	Utval	Møtedato
028/23	Råd for menneske med nedsett funksjonsevne	19.10.2023
041/23	Kinn eldreråd	19.10.2023
046/23	Kinn eldreråd	20.11.2023
036/23	Helse-, sosial- og omsorgsutvalet	20.10.2023
034/23	Råd for menneske med nedsett funksjonsevne	20.11.2023
043/23	Helse-, sosial- og omsorgsutvalet	21.11.2023
182/23	Kommunestyret	12.12.2023

Retningslinjer for utmåling av omsorgsstønad

KOST- 182/23 Vedtak:

1. Berekningsnøklar for utmåling av omsorgsstønad gjerast i samsvar med retningslinjer for omsorgsstønad i Kinn kommune, gjeldande frå 01.01.24.
2. Ved utbetaling av omsorgsstønad skal det gjerast fråtrekk av hjelpestønad, jf. «Retningslinjer for utmåling av omsorgsstønad».
3. Omsorgsstønad godtgjerast med minstelønn assistent som pr 01.01.2024 utgjere årslønn på kr 351 200,-.
4. Råd for mennesker med nedsatt funksjonsevne ønskjer ei evaluering av retningslinjene etter 6 mnd. frå igongsetting. I evalueringa skal det også komme fram dei økonomiske tala for fråtrekk av hjelpestønad.

Vedtak som innstilling frå Helse-, sosial- og omsorgsutvalet - 21.11.2023

1. Berekningsnøklar for utmåling av omsorgsstønad gjerast i samsvar med retningslinjer for omsorgsstønad i Kinn kommune, gjeldande frå 01.01.24.
2. Ved utbetaling av omsorgsstønad skal det gjerast fråtrekk av hjelpestønad, jf. «Retningslinjer for utmåling av omsorgsstønad».
3. Omsorgsstønad godtgjerast med minstelønn assistent som pr 01.01.2024 utgjere årslønn på kr 351 200,-.
Råd for mennesker med nedsatt funksjonsevne ønskjer ei evaluering av retningslinjene etter 6 mnd. frå igongsetting. I evalueringa skal det også komme fram dei økonomiske tala for fråtrekk av hjelpestønad.
4. Råd for mennesker med nedsatt funksjonsevne ønskjer ei evaluering av retningslinjene etter 6 mnd. frå igongsetting. I evalueringa skal det også komme fram dei økonomiske tala for fråtrekk av hjelpestønad.

Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak:

1. Berekningsnøklar for utmåling av omsorgsstønad gjerast i samsvar med retningslinjer for omsorgsstønad i Kinn kommune, gjeldande frå 01.12.23.
2. Ved utbetaling av omsorgsstønad skal det gjerast fråtrekk av hjelpestønad, jf. «Retningslinjer for utmåling av omsorgsstønad».
3. Omsorgsstønad godtgjerast med minstelønn assistent som pr 01.12.2023

Bakgrunn for saka:

Kinn kommune har behov for ein felles modell og forståing for utmåling av, og tildeling av omsorgsstønad.

Saksopplysningar:

Saka gjeld etablering av retningslinjer for omsorgsstønad.

Retningslinjer er nødvendig for likebehandling av kommunen sine innbyggjarar. Pr i dag manglar Kinn kommune ein modell for utmåling og berekning av omsorgsløn. 01.10.2017 endra Stortinget namnet omsorgsløn til omsorgsstønad i Helse- og omsorgstenestelova, og styrka nokre innretningar i pårørandearbeidet.

Omsorgsstønad har lovheimel i helse- og omsorgstenestelova §3-6: Kommunen sitt ansvar ovanfor pårørande til personar med særskild tyngande omsorgsarbeid, skal kommunen gje tilbod om nødvendig pårørandestøtte, mellom anna i form av:

1. Opplæring
2. Avlastning
3. Omsorgsstønad

Kommunen skal ha tilbod om omsorgsstønad til personar som har eit særskilt tyngande omsorgsarbeid. Omsorgsstønad er ei godtgjersle for særskilt tyngande omsorgsoppgåver som vert gitt av frivillige omsorgsytarar utan omsorgsplikt, og til foreldre som har omsorgsoppgåver utover det normale/normalutvikling for mindreårige barn.

Omsorgsstønad er ikkje lovfesta, men kommunen har ei plikt til å tilby ordninga. For å få tildelt omsorgsstønad må kommunen ha vurdert dette som eit aktuelt tiltak som dekkjer behov etter ei individuell og konkret vurdering. Tenestestandar i Kinn kommune har informasjon til innbyggjarane, tenesteytarar og sakshandsamarar om korleis omsorgsstønad skal forståast i samanheng med opplæring og avlastning som eit heilskapleg tilbod.

Pasient- og brukarrettighetslova § 3-1 viser til at pasient og brukar har rett til å medverke ved val og gjennomføring av helse- og omsorgstenester.

Omsorgsstønad i Kinn kommune byggjer på Rundskriv 1-42/98. I vurdering av omsorgsstønad vert det utført ei omfattande kartlegging av tildelingseininga, dette i høve til diagnosar, tilstand og bistandsbehov gjennom døgnet. Det vert gjort ei vurdering om omsorgsoppgåvene er særskilt tyngande, jamfør «Veileder for saksbehandling av tjenester etter helse- og omsorgstjenesteloven», IS/ 2442, 2017 Helsedirektoratet. Rettleiaren viser til Helse- og omsorgsdepartementet `s rundskriv 42/98 «Retningslinjer for omsorgslønn», og omtaler at denne framleis er relevant sjølv om ordninga har endra namn til omsorgsstønad. Fleire moment vert vektlagt ift. «særleg tyngande omsorgsarbeid»:

- behov for tilgjengeleg hjelpar
- omfang av omsorgsarbeidet, timar per veke (det er ikkje fastsett bestemte krav til tal timar)
- om omsorgsarbeidet har vart eller er forventa å vare over tid
- om omsorgsarbeidet er meir fysisk eller psykisk belastande enn vanleg
- om omsorgsarbeidet medfører mykje nattarbeid eller avbrot i nattesøvn
- om omsorgsarbeidet fører til sosial isolasjon og mangel på ferie og fritid
- om omsorgsytar har omsorgsplikt, gjeld for barn under 18 år
- om omsorgsytar har inntektstap, men dette er ikkje eit krav i vurderinga av godtgjersla
- om omsorgsarbeidet er nødvendig og forsvarleg i forhold til omsorgsmottakar

sitt bistandsbehov

omsorgsstønad vurderast i forhold til eller i tillegg til andre helse- og omsorgstenester i kommunen

Det vert gjort ei individuell vurdering, bygd på fakta og skjønn, og det vert fatta eit enkeltvedtak. Enkeltvedtak har klage rett.

Kommunen sin praksis ved utmåling av omsorgsstønad.

Omsorgsstønad tek ikkje sikte på å gje dei som har tyngande omsorgsarbeid full lønn for kvar time dei arbeider. Omsorgsstønad kan ikkje overstige 100% stilling (37, 5 t) pr veke. Andre hjelpetenester eller reell avlastning skal komme til frådrag ved fastsetting av godtgjersla.

Modell for utmåling

Vurderingsskjema med utgangspunkt i IPLOS verdier skal nyttast ved kartlegging av hjelpebehov. IPLOS er eit lovbestemt helseregister med data som beskriv ressursar og bistandsbehov til den som søker om eller mottek kommunale helse- og omsorgstenester. Ei døgnklokke er også eit godt verktøy for utmåling av omsorgsstønad.

Forslag til retningslinjer for omsorgsstønad

Omsorgsstønad er heimla i helse- og omsorgstenestelova §3-6. Omsorgsstønad er ein godtgjersle for særleg tyngande omsorgsoppgåver som blir gjeve av frivillige omsorgsyttarar utan omsorgsplikt, og til foreldre som har omsorgsoppgåver utover det normale for mindreårige born. Ved sakshandsaming og tildeling av tenester skal det gjerast fleire vurderingar om kor vidt vilkår er oppfylt. Her viser ein til rettleiar for sakshandsaming – tenester etter helse- og omsorgstenestelova

[Veileder for saksbehandling av tjenester etter helse- og omsorgstjenesteloven.pdf \(helsedirektoratet.no\)](#). I rettleiaren pkt. 1.3.5.3 blir det vektlagt at det i vurdering av omsorgsstønad må takast omsyn til kontinuitet, og at den bistanden vedkommande mottek skal være verdig og forsvarleg.

Retningslinjer:

1. Oppfyllding av lov om pasient- og brukarrettigheter §2-1a; rett til naudsynt helsehjelp frå kommunehelsetenesta. Om vilkår er oppfylt har kommunen plikt til å gje oppfølging og bistand i form av helsetenester i heimen, personleg assistanse, som omhandlar praktisk bistand, opplæring, fritidskontakt, avlastningstiltak, samt ein plass i institusjon/bustad med heildøgns bemanning, jf. helse og omsorgstenestelova §3-2a.

Omsorgsstønad er ikkje ein rettighet, men ordninga er ei hjelpeform som kan veljast for å dekke omsorgsbehovet til ein person på eit forsvarleg nivå.

Kommunen skal utforme tenestetilbodet så lang som mogleg i samarbeid med brukar, der det skal leggjast stor vekt på kva brukar meiner, jf. lov om pasient og brukarrettigheter §3-1. 2.

2. Det skal vurderast om og i kva omfang omsorgsarbeidet er særleg tyngande, jf. helse- og omsorgstenestelova §3-6, samt retningslinjer for omsorgslønn I-42/98 (<https://www.regjeringen.no/no/dokumenter/i-4298/id445616/>). Sjå kulepunkt under første del av «Saksopplysningar»

Fleire moment vektleggast om og i kva omfang omsorgsoppgåve er særskilt tyngande.

1. Omsorgsstønad skal vurderast i forhold til andre pleie- og omsorgstenester, både i forhold til om søknaden skal imøtekommast, samt kva andre

hjelpeordningar som kan gjevast for å avlaste omsorgsbyrda.
Omsorgsstønad kan bli avslått som følgje av vedtak om anna hjelp, for eksempel frå heimeteneste, avlastingsopphald i institusjon, med vidare.

2. Individuell kartlegging ved bruk av IPLOS data av funksjonsnivå og hjelpebehov skal brukast i sakshandsaminga.
3. Ved berekning av godtgjersle blir dette sett i samanheng med tenester dersom heimetenesta eller heimehjelp skulle gjeve hjelpa, dvs. om hjelpa skulle vore gjeven av fast tilsett personell.
4. For mindreårige born er meirarbeid vurdert i forhold til normal utvikling hjå bornet som skal inngå i grunnlaget for berekning for omsorgsstønad.
5. Følgjande berekningsnøkkel vert lagt til grunn:

Hjelpebehov:	Berekningsnøkkel:	Kommentar:	
Personleg hjelp som hygiene, på-/avkledding, toalettbesøk, måltid og medisin, med meir	- Det godtgjerast med tidsressurs på 1:3 (ein time hjelp gjev 20 min.)	Dersom brukar ikkje klarer delta noko sjølv.	
	- Det godtgjerast med tidsressurs på 1:5 (ein time hjelp gjev 12 min.)	Når hjelpar er tilgjengeleg med rettleiing og tilrettelegging.	
	- Det godtgjerast med tidsressurs på 1:7 (ein time hjelp gjev 8,5 min.)	Når hjelpar kan gå til og frå.	
	Tilgjengeleg tilsynstid	- Behov for tilsyn godtgjerast med 1:7 (ein time gjev 8,5 min.)	
		- Behov for sporadisk tilsyn, godtgjerast med 1:10 (ein time gjev 6 min.)	- feks. eit tilsyn pr. natt tilsvare 6 min. pr. natt x 7 = 42 min. pr. veke
Praktisk bistand i bustad	Ved praktisk bistand i bustad beregnast andel til i forhold til		

	medlemmar i bustaden, samt kort mykje tid heimehjelp ville brukt. Omregningsfaktor 1:4 (ein time gjev 15 min.)	
--	--	--

6. Det skal søkjast om hjelpestønad frå NAV før søknad om omsorgsstønad behandlast. Ved utbetaling av omsorgsstønad vert hjelpestønad trekt frå. Det visast til retningslinjer for omsorgsstønad I-42/98, pkt. 5.
7. Omsorgsstønad regulerast med tidsavgrensa oppdragsavtale mellom kommunen og oppdragsytar.
8. Omsorgsstønad godtgjerast etter lavast sats for assistent minstelønn som pr 01.12.2023 utgjere årslønn på kr 351 200,-. I praksis er det ingen som får utbetalt full årslønn som følgje av fråtrekk av hjelpestønad frå NAV.
9. Ved sluttberekning av omsorgsstønadens storleik skal det gjerast fråtrekk av andre tenester som omsorgsmottakar mottek frå kommunen, for eksempel heimetenester, dagsenter, støttekontakt, avlastning, barnehage og skule, osv.
10. Ved akutte endringar i omsorgsmottakars situasjon t.d. sjukehus/institusjonsopphald utover 1 veke, skal godtgjersla reduserast tilsvarende tal dagar. Ved planlagt avlastning (over 3 døgn) der den omsorgstrengande mottek omsorg frå anna instans, trekkast godtgjersla frå og med første dag. Ved anna opphøyr av omsorgsarbeidet, fell godtgjersla vekk. Omsorgsytar pliktar å varsle ved endringar i omsorgsmottakar sin situasjon. Det vert krev tilbakebetaling der det ikkje er meldt frå.
11. Ved dødsfall stoppast omsorgsstønaden to veker etter at omsorga opphøyrer.

Forslag til mal for utrekning av omsorgsstønad

 Kinn kommune	UTREKNING AV OMSORGSSTØNAD						
	Namn:				Dato:		
	Oppgåve	Oppgitt tidsbruk pr. gong (minutt)	Antal dagar i veka	IPLDS score	Tal personar som utgjer ein del av tenesta	Fordelingsbrøk	Minutt til omsorgsstønad (pr. veka)
GRUNNLAG FOR OMSORGSSTØNAD 							
Omsorgsyttar aktive min./veke							0
	Type teneste	Kort omtale gjeldande vedtak	Kommentar				Minutt (pr. veka)
EVT. TILLEGGSS-INFORMASJON TIL VEDTAK	Hjelpestønad	Innvilga frå NAV	Kan trekkast i frå månadleg utbetaling				
Offentlege tenester aktive min./veke							0

Om forholdet til Hjelpestønad fra NAV

Ved behandling av søknad krev kommunen at det samtidig søkjast om hjelpestønad frå NAV, jf. retningslinjer for omsorgsstønad, Helse- og omsorgsdepartementet, rundskriv 1-42/98.

Ved utbetaling av omsorgsstønad trekkast hjelpestønad frå. Sats for hjelpestønad utgjer pr 01.05.2023 kr 1263,- pr mnd. for personar over 18 år. Beløpet er meint å dekke 2 - 2,5 timar privat hjelp per veka. Barn under 18 år som har eit pleie- og tilsynsbehov som er vesentleg større enn det som dekkes av ordinær hjelpestønad kan få forhøga hjelpestønad frå NAV, der hjelpestønadsbeløpet trekkast frå omsorgsstønad før utbetaling. Dette er innanfor rammer for Helse og omsorgsdepartementets «retningslinjer ved omsorgslønn (I-42/98), kap 5.2:

«Dersom den som treng omsorg får hjelpestønad til tilsyn og pleie, kan kommunen ta omsyn til dette ved utmålinga av omsorgslønn. Verken hjelpestønad eller omsorgslønn vil vanlegvis gi full betaling for det omsorgsarbeidet søkjaren faktisk utfører. Kommunen bør ikkje avkorte omsorgslønna med mindre omsorgslønna og hjelpestønaden til saman overstig det som er rimeleg å betale for omsorgsarbeidet».

Ved utmåling av omsorgsstønad vert det gjort ei heilskaps vurdering av hjelpebehov og andre kommunale tiltak som inngår i berekninga på størrelse av omsorgsstønad, før fråtrekk av hjelpestønad vert gjort. Det har vore fleire klagesaker på denne praksisen, som ikkje har medført medhald i klagesaksbehandling hjå Statsforvaltaren.

Omsorgskontrakt/utbetaling

Det vert oppretta ei omsorgskontrakt med omsorgsytar når vedtak om omsorgsstønad vert fatta, med vilkår som er innanfor rammer for anbefalingar i «Retningslinjer for omsorgslønn, I- 42/98:

Omsorgskontrakta omfattar følgjande:

- Den som mottar omsorgsstønad reknast ikkje som arbeidstakar i kommunens tenester, men som oppdragstakar/ frilansar i ein tidsavgrensa periode.
- Omsorgsytar har ikkje rett på feriepengar av omsorgsstønaden. Stønad utbetalast i staden for 12 månadar.
- Omsorgsytar har rett til sjukepengar frå og med 17. sjukedag. Ved sjukdom hos omsorgsytar må kommunen sørge for at omsorgsmottakar mottek anna forsvarleg hjelp.
- Godtgjersla er skattepliktig. Omsorgsstønad gjev 3 pensjonspoeng.
- Omsorgsytar innvilgast godtgjersle tilsvarande minsteløn assistent som pr 01.12.2023 utgjere årslønn på kr 351 200,-. (100% stilling). Det betalast ikkje tillegg for ubekvem arbeidstid.
- Dersom det oppstår endringar gjeldande forhold som er lagt til grunn for tildeling skal omsorgskontrakta vurderast på nytt.
- Om den omsorgstrengande sitt behov for bistand ikkje lenger er gjeldande eller utførast av andre, vil avtala om omsorgsstønad utan vidare oppseiing opphøyr.
- Ved endringar i den omsorgstrengande sin situasjon for eksempel sjukehus/ opphald på institusjon utover 1 veke, reduserast godtgjersla tilsvarande tal dagar. Ved avlastning der den omsorgstrengande mottar omsorg frå ein annan instans, trekkast godtgjersle frå, frå og med fyrste dag der opphald er planlagt for samanhengande meir enn 3 døgn. Ved anna opphøyr av omsorgsarbeidet fell godtgjersla vekk - jamfør forslag til retningslinjer for omsorgsstønad, punkt 12 og 13. Ved forandringar i den omsorgstrengande sin situasjon pliktar omsorgsyter å melde frå. Det vert krevd tilbakebetaling dersom det ikkje er meldt frå.

Vurderingar:

Pårørande til personar med omfattande omsorgsbehov yt ein stor innsats med nødvendig hjelp til sine, og bidreg med gode heilskaplege tenester.

Omsorgsstønad godtgjerast/utbetalast som minstelønn assistent, og er ei rimeleg teneste sett opp mot behov for andre tenester. Ein reduksjon i omsorgsstønad kan auke etterspørsel av andre tenester, for eksempel heimetenester og institusjonsplassar – dersom omsorgsytar sei frå seg godtgjersla.

Det er vurdert kor vidt det er mogleg å trekke godtgjersle frå fyrste dag ved akutte sjukehusopphald. Dette vil krevje auka administrasjonstid i fleire avdelingar. Vidare er det i mange situasjonar slik at omsorgsytar ofte fylgjer med, og er mykje tilstade ved sjukehusinnleggingar.

Berekningsnøkkel for tilsynstid vurderast ut frå kor stort behovet er, satt opp mot omsorgsytar sin moglegheit til å disponere eigen kvardag og fritid.

Det vert gjort ei heilskapleg vurdering ved utmåling av hjelpebehov ved berekning av stønadsstørrelse, samt det vert teke fråtrekk av andre tenester som avlastning, ferietid, heimesjukepleie, dagsenter eller annan bistand ved sluttberekning av størrelsen på omsorgsstønad frå kommunen. Hjelpestønad frå NAV er ei offentleg støtteordning som er

godtgjersle til same formål, frivillig praktisk hjelp til dei som trenger det. Dersom dagens praksis med fråtrekk for hjelpestønad endrast vil det krevje ein styrking av budsjettrammer for omsorgsstønad. Det same vil gjelde om berekningsnøkkelen skal justerast i retning av meir utbetaling til tenesteytar. Budsjettramme for omsorgsstønad vert lagt ut frå gjeldande vedtak ved utarbeiding av budsjett for kommande år.

Budsjettramme for omsorgsløn dei siste åra:

2021	
2022	
2023	

Gjeldande praksis med berekningar for størrelse for omsorgsstønad er innan nasjonale lover, rettleiarar og anbefalingar.

Økonomiske konsekvensar:

Utmåling og tildeling av omsorgsstønad har vore praktisert ulikt i Flora og Vågsøy før man slo seg saman. Det er eit ønskje om å få eit felles utmålingsverktøy. På denne måten sikrar vi at retningslinjene blir praktisert likt og at det er likebehandling til innbyggjarane i Kinn kommune.

Ved evaluering av omsorgsstønad vil alle få ein gjennomgang av den einskilte vedtak med like retningslinje.

Omsorgsstønad er eit rimeleg tiltak samanlikna med andre tenester. Kinn kommune budsjetterer ramma utifrå vedtak som er gjeldande på det tidpunktet. Dette vil derfor variere frå år til år, og det er ikkje mogleg å sette ein fast sum til dette.

Sidan det har vert ulik praksis i tildeling vil derfor ei evaluering kunne resultere i at nokre kan få reduksjon i utbetaling.

Aktuelle lover, forskrifter og kjelder:

Helse- og omsorgstenestelova §3-6 [Lov om kommunale helse- og omsorgstjenester m.m. \(helse- og omsorgstjenesteloven\) - Lovdata](#)

Lov om pasient og brukarrettigheter §3-1 [Lov om pasient- og brukerrettigheter \(pasient- og brukerrettighetsloven\) - Lovdata](#)

Retningslinjer for omsorgslønn I-42/98

(<https://www.regjeringen.no/no/dokumenter/i-4298/id445616/>).

Rettleiar for sakshandsaming – tenester etter helse- og omsorgstenestelova

[Veileder for saksbehandling av tjenester etter helse- og omsorgstjenesteloven.pdf \(helsedirektoratet.no\)](#).

Behandling i Kommunestyret 12.12.2023:

Røysting:

Innstilling frå helse-, sosial- og omsorgsutvalet samrøystes vedtatt.

KOST- 182/23 Vedtak:

1. Berekningsnøklar for utmåling av omsorgsstønad gjerast i samsvar med retningslinjer for omsorgsstønad i Kinn kommune, gjeldande frå 01.01.24.
2. Ved utbetaling av omsorgsstønad skal det gjerast fråtrekk av hjelpestønad, jf. «Retningslinjer for utmåling av omsorgsstønad».
3. Omsorgsstønad godtgjerast med minstelønn assistent som pr 01.01.2024 utgjere årslønn på kr 351 200,-.

4. Råd for mennesker med nedsatt funksjonsevne ønskjer ei evaluering av retningslinjene etter 6 mnd. frå igongsetting. I evalueringa skal det også komme fram dei økonomiske tala for fråtrekk av hjelpestønad.

Behandling i Helse-, sosial- og omsorgsutvalet 21.11.2023:

Tenesteleiar for helse Katrine Holvik Skinlo orienterte og svarte på spørsmål.

Merknad på dato: Vedtaket vert ikkje sett i verk før etter vedtak i Kinn kommunestyre. Endre dato til gjeldande frå 01.01.2024

Røysting:

Innstillinga frå Råd for menneske med nedsett funksjonsevne samrøystes vedtatt.

HSOUV- 043/23 Vedtak:

1. Berekningsnøklar for utmåling av omsorgsstønad gjerast i samsvar med retningslinjer for omsorgsstønad i Kinn kommune, gjeldande frå 01.01.24.
2. Ved utbetaling av omsorgsstønad skal det gjerast fråtrekk av hjelpestønad, jf. «Retningslinjer for utmåling av omsorgsstønad».
3. Omsorgsstønad godtgjerast med minstelønn assistent som pr 01.01.2024 utgjere årslønn på kr 351 200,-.
Råd for mennesker med nedsatt funksjonsevne ønskjer ei evaluering av retningslinjene etter 6 mnd. frå igongsetting. I evalueringa skal det også komme fram dei økonomiske tala for fråtrekk av hjelpestønad.
4. Råd for mennesker med nedsatt funksjonsevne ønskjer ei evaluering av retningslinjene etter 6 mnd. frå igongsetting. I evalueringa skal det også komme fram dei økonomiske tala for fråtrekk av hjelpestønad.

Behandling i Råd for menneske med nedsett funksjonsevne 20.11.2023:

Nytt punkt, foreslått av Bente Nilsen, Kinn Sosialistisk Venstreparti

Råd for mennesker med nedsatt funksjonsevne ønskjer ei evaluering av retningslinjene etter 6 mnd. frå igongsetting. I evalueringa skal det også komme fram dei økonomiske tala for fråtrekk av hjelpestønad.

Tenesteleiar helse Katrine Holvik Skinlo orienterte og svarte på spørsmål.

Røysting:

Kommunedirektøren sitt forslag til vedtak og tilleggspunkt nr. 4 frå rådet for menneske med nedsett funksjonsevne samrøystes vedtatt.

RMNF- 034/23 Vedtak:

1. Berekningsnøklar for utmåling av omsorgsstønad gjerast i samsvar med retningslinjer for omsorgsstønad i Kinn kommune, gjeldande frå 01.12.23.
2. Ved utbetaling av omsorgsstønad skal det gjerast fråtrekk av hjelpestønad, jf. «Retningslinjer for utmåling av omsorgsstønad».
3. Omsorgsstønad godtgjerast med minstelønn assistent som pr 01.12.2023 utgjere årslønn på kr 351 200,-.
Råd for mennesker med nedsatt funksjonsevne ønskjer ei evaluering av retningslinjene etter 6 mnd. frå igongsetting. I evalueringa skal det også komme fram dei økonomiske tala for fråtrekk av hjelpestønad.
4. Råd for mennesker med nedsatt funksjonsevne ønskjer ei evaluering av retningslinjene etter 6 mnd. frå igongsetting. I evalueringa skal det også komme fram dei økonomiske tala for fråtrekk av hjelpestønad.

Behandling i Kinn eldreråd 20.11.2023:

Tenesteleiar helse og velferd, Katrine Holvik Skinlo orienterte og svarte på spørsmål.

Røysting:

Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak samrøystes vedtatt med merknad.

KIEL- 046/23 Vedtak:

1. Berekningsnøklar for utmåling av omsorgsstønad gjerast i samsvar med retningslinjer for omsorgsstønad i Kinn kommune, gjeldande frå 01.12.23.
2. Ved utbetaling av omsorgsstønad skal det gjerast fråtrekk av hjelpestønad, jf. «Retningslinjer for utmåling av omsorgsstønad».
3. Omsorgsstønad godtgjerast med minstelønn assistent som pr 01.12.2023 utgjere årslønn på kr 351 200,-.

Merknad: Eldrerådet ber om evaluering om 6 månader om korleis ordninga har fungert.

Behandling i Helse-, sosial- og omsorgsutvalet 20.10.2023:

Helse- sosial- og omsorgsutvalet, foreslått av Anita Eikevik, Kinn Senterparti
Helse- sosial- og omsorgsutvalet ønskjer å utsette saka, med bakgrunn i manglande samanlikningsgrunnlag frå andre kommunar.

Orientering ved kommunalsjef Norunn Stavø, tenesteleiar helse Katrine Holvik Skinlo.

Røysting:

Framlegg til vedtak frå Helse- sosial- og omsorgsutvalet samrøystes vedtatt.

HSOUV- 036/23 Vedtak:

Helse- sosial- og omsorgsutvalet ønskjer å utsette saka, med bakgrunn i manglande samanlikningsgrunnlag frå andre kommunar.

Behandling i Kinn eldreråd 19.10.2023:

Kinn eldreråd, foreslått av Fredrik W. Gulbransson,
Kinn eldrerådet ønskjer å utsette saka, med bakgrunn i manglande samanlikningsgrunnlag frå andre kommunar.

Kommunalsjef Norunn Stavø orienterte.

Kinn eldrerådet støtter tilrådinga frå Råd for menneske med nedsatt funksjonsevne.

Røysting:

Framlegg frå repr. Fredrik W. Gulbransson samrøystes vedtatt.

KIEL- 041/23 Vedtak:

Kinn eldreråd ønskjer å utsette saka, med bakgrunn i manglande samanlikningsgrunnlag frå andre kommunar.

Behandling i Råd for menneske med nedsett funksjonsevne 19.10.2023:

Utsettingsforslag, foreslått av Bente Nilsen, Kinn Sosialistisk Venstreparti


Rådet for mennesker med nedsatt funksjonsevne ønskjer å utsette saka, med bakgrunn i manglande samanlikningsgrunnlag frå andre kommunar.

Røysting:

Framlegg om utsettingsforslag frå Råd for menneske med nedsatt funksjonsevne samrøyet vedtatt.

RMNF- 028/23 Vedtak:

Rådet for mennesker med nedsatt funksjonsevne ønskjer å utsette saka, med bakgrunn i manglande samanlikningsgrunnlag frå andre kommunar.



Saksnr.	Utval	Møtedato
132/23	Formannskapet	27.11.2023
183/23	Kommunestyret	12.12.2023

Vurdering - konkurranseutsetting tenestepensjon, fellesordninga

KOST- 183/23 Vedtak:

Kinn kommune si tenestepensjonsordning vert ikkje å konkurranseutsette.

Vedtak som innstilling frå Formannskapet - 27.11.2023

Kinn kommune si tenestepensjonsordning vert konkurranseutsett. Kommunedirektøren skal fremje sak med fastsetting av kriteriar for konkurransen i løpet av våren 2024. Kriteria skal drøftast med dei tillitsvalde i tråd med gjeldande reglar.

Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak:

Kinn kommune si tenestepensjonsordning vert ikkje å konkurranseutsette

Bakgrunn for saka:

I samband med sak 183/22 om økonomiplan 2023-2026 vedtok Kinn kommunestyre følgande den 15.12.2022:

«Kommunedirektøren skal tidleg i 2023 legge fram sak om korleis kommunen kan redusere pensjonskostnadane sine. Saka skal både omhandle moglegheita for reforhandling og eventuell konkurranseutsetting. Dei tillitsvalde skal involverast i arbeidet. Kommunestyret forventar at saka skal føre til besparingar. Det er ein føresetnad at tariffbestemt pensjon vert ivareteke, og at kostnadsreduksjon skjer på administrasjon, forvaltning og forventa avkastning. Ein skal nytte ekstern pensjonsrådgjevar til dette arbeidet, som dekkast av administrasjonen sin eigen omstillingspott.»

I første tertialrapport rapporterte kommunedirektøren dette til kommunestyret 12.6.2023 i sak 081/23:

Konkurranse om pensjonsrådgjevar har vore ute på anbod, og Aon er valt. Oppstart prosess i starten av juni. Innsparing 2 millionar kroner i 2023 ser ut til å bli innfridd innafor gjeldande avtaler med pensjonsleverandørane KLP og SPK.

I andre tertialrapporten rapporterte kommunedirektøren dette til kommunestyret 24.10.2023 i sak 143/22:

Konkurranse om pensjonsrådgjevar har vore ute på anbod, og Aon er valt. Arbeidet pågår, rapport frå Aon er venta i løpet av oktober. Innsparing 2 millionar kroner i 2023 ser ut til å bli innfridd innafor gjeldande avtaler med pensjonsleverandørane KLP og SPK.

Rapport frå Aon Norway AS er no klar.

Saksopplysningar:

Rapporten frå pensjonsrådgjevar Aon Norway AS ligg som vedlegg til denne saka. Arbeidet knytt til denne er som vedtatt dekkja av omstillingspotten.

Dei tillitsvalte har vore involvert i arbeidet. Uttaler frå Fagforbundet og Delta ligg vedlagt denne saka. Utdanningsforbundet, som med anna har medlemmar i barnehagane, har også vore med i prosessen, og har gitt sin tilbakemelding.

Vurderingar:

Aon skriv følgande samandrag i sin rapport:

«Aon har på oppdrag fra Kinn kommune gjennomført en evaluering av anbud på forsikret løsning for tjenstepensjon for kommunens ansatte, fellesordningen. Pedagogisk personell er organisert gjennom Statens Pensjonskasse (SPK). Sykepleiere er etter Kongelig Resolusjon i KLP. Disse gruppene omfattes ikke av denne analysen.

Det følgende notatet inneholder en kort generell beskrivelse av markedssituasjonen for kommunal tjenstepensjon, et utdrag av en demografisk analyse som er gjennomført for kommunen, overordnet vurdering av forvaltning av pensjonsmidler, samt betraktninger knyttet til vurdering av om det er hensiktsmessig å ta pensjonsordningen ut på anbud i 2024. Videre er det gjort enkelte vurderinger av muligheten for å skifte portefølje hos KLP.

Ettersom det er premieutjevning hos leverandørene, og egen demografi er av mindre betydning enn tidligere på grunn av ny opptjeningsmodell i offentlig tjenstepensjon er premienivået forventet å være relativt likt for Storebrand og KLP. Et anbud er dog eneste sikre måte å få svart ut hvilke nivå en kan forvente i 2025.

Avkastningsresultater og forventet avkastning gir heller ingen klar konklusjon om hvem av KLP og Storebrand som rangeres som best.

Flytteregeir og finansielle størrelser er sentrale i pensjonsøkonomien, og har vært endret en rekke ganger. Noen av disse endringene har åpnet muligheter for flyttearbitrasje. Et nokså kjent eksempel på dette er overgang til nye regler for buffer ved årsskiftet 2021/2022, der enkelte kommuner kom svært godt ut av skifte av leverandør. Tilsvarende situasjon hadde man også i år 2000/2001. Per i dag er vi ikke kjent med regelendringer som gir en tilsvarende mulighet eksempelvis ved årsskiftet 2024/2025. Det er imidlertid heller ikke mulig å utelukke at slike situasjoner vil oppstå igjen i fremtiden.»

Merk at pedagogisk personell er organisert gjennom Statens Pensjonskasse (SPK), og sjukepleiarar er etter Kongelig Resolusjon i KLP. Det er altså ikkje høve til å konkuransutsette pensjonsordninga knytt til desse gruppene. Dersom kommunen konkurranseutsett fellesordninga, vil kommunen med det kunne måtte administrere samhandling med tre ulike leverandørar, mot to i dag. Det vil eventuelt krevje meir administrativ innsats frå kommunen si side. Noko som vil kunne bidra til at det blir meir utfordrande å ta ned årsverk innan både personalavdelinga og lønsavdelinga som planlagt i prosjektet ny leiing- og styringsstruktur.

Generelt sett kan konkurranse bidra til auka produktivitet og låge kostnader. I samandraget skriv Aon at eit anbod er einaste sikre måte å få svart ut kva nivå ein kan forvente i 2025. Samtidig skriv Aon at konkurransen i marknaden i utgangspunktet ikkje er gunstig. Det er få tilbydarar, og fleire regelverk setter grenser for kor kommersiell ein kan vere i gjennomføringa. Med anna kan ikkje tilbydarane forplikte seg økonomisk utover ein varigheit på eitt år. Det betyr at evaluering på ein periode utover eitt år i stor grad må basere seg på forventningar.

Per i dag er det berre Storebrand som er på tilbodssida saman med KLP. Medan 345 kommunar er i KLP, er det berre 5 kommunar som er i Storebrand (4 kommunar og ein fylkeskommune). Det utgjør i seg sjølv ein risiko.

Nokre kommunar utnytta moglegheita til å oppnå gevinst ved å flytte pensjonsordninga ved årsskiftet 2021/2022. Slik flyttearbitrasje er ikkje mogleg å oppnå på noverande tidspunkt, dette då regelverket har lukka for å hente ut slike midlar av pensjonsordningane.

Aon dokumenterer at både premienivå og avkastningsresultat ligg på relativt like nivå hos KLP og Storebrand.

I forhold til ein eventuell reforhandling hos KLP, skriv Aon:

«Premieberegninger for tjenestepensjon er i henhold til Hovedtariffavtalen gjenskap for utjevning også hos dagens leverandør, det er dermed få muligheter for å forhandle pris. Enhver rabatt vil måtte gis til alle kunder.»

Fagforbundet har kome med sin uttale til saka, denne ligg vedlagt. I si oppsummering skriv Fagforbundet:

«Det er i praksis ingen argument for anbud i denne rapporten. Både KLP og Storebrand har lik avkastning og det forventast like premiar over tid. Men ein har større stabilitet og forutsigbarheit i KLP på grunn av større fellesskap.»

- *Vi veit også at KLP skårar best på kvalitet og service til medlemmane.*
- *Fagforbundet ønsker ikkje anbud på leveranse av kommunal tenestepensjon.*
- *Fagforbundet meiner at forvaltning i eigen regi er best både økonomisk og kvalitetsmessig.*
- *Fagforbundet vil at kommunen skal være strategiske, langsiktige, aktive og stabil eigar i KLP.»*

Innspel frå Delta Kinn ligg vedlagt saka. Delta Kinn har i sitt innspel konkludert med:
«... ser Delta det lite hensiktsmessig med anbudsprosess slik situasjonen er i dag. Dette vil både krevje mykje ressursar og gi liten inntening.»

Utdanningsforbundet har gitt følgjande tilbakemelding:

- *Vi ser ingen grunn til å utsette medlemmane våres for unødvendig usikkerhet*
- *Vi ser ingen gevinst med å skulle vere ein av dei første kommunane som skal "prøve ut" å gå vekk fra KLP. Det vil heller føre til større usikkerhet for våre medlemmar.*
- *Gevinstuthentinga som enkelte kommune har fått til før, er ikkje overførbart for Kinn kommune, og då faller argumentasjonen som var utgangspunktet for vedtaket vekk.*

Rekruttering av arbeidskraft, og å halde på tilsette, er ei av dei store utfordringane kommunen står overfor. Pensjon er viktig for dei tilsette. I sitt vedtak la kommunestyret vekt på at dei tillitsvalde skulle bli involvert i arbeidet. Kommunedirektøren legg vekt på at dei tillitsvalde er kritisk til ei eventuell konkurranseutsetting av tenestepensjon.

Rapporten frå Aon viser at det truleg er lite eller ingenting å vinne på konkurranseutsetting av pensjonsordninga på noverande tidspunkt. Kinn kommune har store oppgåver å løyse i tida framover. Vi skal omstille og utvikle drifta, og vi skal heile tida jobbe for å være ein attraktiv kommune. Kommunedirektøren tilrår at kommunen sin kapasitet vert prioritert til å jobbe med tiltak som har potensiale for innsparing, auka effektivitet og auka produktivitet.

Økonomiske konsekvensar:

Det er truleg lite eller ingenting å vinne på konkurranseutsetting av tenestepensjonsordninga på noverande tidspunkt.

Aktuelle lover, forskrifter, kjelder:

Hovedtariffavtalen i KS' tariffområde med krav til premieutjevning

Lov om offentlige anskaffelser med forskrifter

Lov om forsikringsvirksomhet mv

Behandling i Kommunestyret 12.12.2023:**Røysting:**

Innstilling frå formannskapet falt med 17 røyster (9 H, 5 FRP, 1 INP v/ Lillian Bratholmen, 2 SP v/ Eikevik og Halsne).

Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak vedtatt med 22 røyster (4 Raudt, 3 Venstre, 1 INP v/ Jan Gunnar Holvik, 2 SV, 2 KRF, 1 SP V/ Jan Arve Midtbø, 8 AP, 1 H v/ Solbjørg Teige).

KOST- 183/23 Vedtak:

Kinn kommune si tenestepensjonsordning vert ikkje å konkurranseutsette.

Behandling i Formannskapet 27.11.2023:

Konkurranseutsetting, foreslått av Frank Willy Pedersen Djuvik, Kinn Fremskrittsparti
Kinn kommune si tenestepensjonsordning vert konkurranseutsett. Kommunedirektøren skal fremje sak med fastsetting av kriteriar for konkurransen i løpet av våren 2024. Kriteria skal drøftast med dei tillitsvalde i tråd med gjeldande reglar.

Røysting:

Kommunedirektøren sitt framlegg falt med 5 røyster frå R-Henriksson, SV-Olafsson, AP-Teigen og Ødegård Standal, og V-Nødseth.

Framlegg frå FrP v/repr. Djuvik vedtatt med 6 røyster frå FrP-Djuvik og Nesje, H-Solheim-Olsen, Brunsvik og Berg og SP-Kongsvik.

FORM- 132/23 Vedtak:


Kinn kommune si tenestepensjonsordning vert konkurranseutsett. Kommunedirektøren skal fremje sak med fastsetting av kriteriar for konkurransen i løpet av våren 2024. Kriteria skal drøftast med dei tillitsvalde i tråd med gjeldande reglar.

Vedlegg i saken:

Vurdering anbud pensjon 2023 - Kinn kommune_v3

Fagfobundet av okt 2023 - Uttale AON rapport

Innspel frå Delta Kinn ang. vurdering av anbud av pensjon



Arkiv: PlanId-20210101,
PlanNamn-
Detaljreguleringsplan
for Skram, gbnr.
316/77 mfl., skule og
bustad, PlanType-35,
FA-L12, GBN-316/77
JournalpostID: 23/46145
Sakshandsamar: Martin Sørland Barlla
Dato: 09.11.2023

Saksframlegg

Saksnr.	Utval	Møtedato
088/23	Plan- og miljøutvalet	21.11.2023
138/23	Formannskapet	27.11.2023
184/23	Kommunestyret	12.12.2023

Sluttbehandling - Detaljregulering for Skram, gbnr. 316/77 mfl., skule og bustad

KOST- 184/23 Vedtak:

1. Kinn kommunestyre vedtek framlegg til Detaljreguleringsplan for Skram, gbnr. 316/77 mfl. skule og bustad planid: 20210101, med tilkomst etter alternativ 2, med planomtale sist datert 04.09.23, plankart sist datert 04.09.23, føresegner sist dater 04.09.23 og ROS-analyse sist dater 04.09.23 med endringar som kjem fram under Samla vurdering i saksutgreiinga, samt at eigedom gbnr 315/8 blir tilbakeført til bustadområde.

2. Følgjande reguleringsplan vert oppheva som følgje av godkjenning av ny reguleringsplan:
PlanID 1439198902

3. Følgjande reguleringsplanar vert delvis oppheva som følgje av godkjenning av ny reguleringsplan:
PlanID 1439 1994401, 1439199502, 1439197903, og 1439198903.

4. Kommunedirektøren får fullmakt til å gjere naudsynte tilpassingar i planmaterialet før kunngjering.

Vedtak som innstilling frå Plan- og miljøutvalet - 21.11.2023

1. Kinn kommunestyre vedtek framlegg til Detaljreguleringsplan for Skram, gbnr. 316/77 mfl. skule og bustad planid: 20210101, med tilkomst etter alternativ 1, med planomtale sist datert 04.09.23, plankart sist datert 04.09.23, føresegner sist dater 04.09.23 og ROS-analyse sist dater 04.09.23 med endringar som kjem fram under Samla vurdering i saksutgreiinga, samt at eigedom gbnr 315/8 blir tilbakeført til bustadområde.
1. Følgjande reguleringsplan vert oppheva som følgje av godkjenning av ny reguleringsplan:

PlanID 1439198902

2. Følgjande reguleringsplanar vert delvis oppheva som følgje av godkjenning av ny reguleringsplan:

PlanID 1439 1994401, 1439199502, 1439197903, og 1439198903.

1. Kommunedirektøren får fullmakt til å gjere naudsynte tilpassingar i planmaterialet før kunngjering.
2. Tilleggsforslag til alternativ 1 at framtidig endring av kjøremønster i Gt 4 blir vurdert i hensyn til trafikksikkerheten for området det berører, gjøres i samband med byggesakshandsaming.

Vedtak som innstilling frå Formannskapet - 27.11.2023

1. Kinn kommunestyre vedtek framlegg til Detaljreguleringsplan for Skram, gbnr. 316/77 mfl. skule og bustad planid: 20210101, med tilkomst etter alternativ 2, med planomtale sist datert 04.09.23, plankart sist datert 04.09.23, føresegner sist dater 04.09.23 og ROS-analyse sist dater 04.09.23 med endringar som kjem fram under Samla vurdering i saksutgreiinga, samt at eigedom gbnr 315/8 blir tilbakeført til bustadområde.

2. Følgjande reguleringsplan vert oppheva som følgje av godkjenning av ny reguleringsplan:
PlanID 1439198902

3. Følgjande reguleringsplanar vert delvis oppheva som følgje av godkjenning av ny reguleringsplan:
PlanID 1439 1994401, 1439199502, 1439197903, og 1439198903.

4. Kommunedirektøren får fullmakt til å gjere naudsynte tilpassingar i planmaterialet før kunngjering.

1. Kinn kommunestyre vedtek framlegg til Detaljreguleringsplan for Skram, gbnr. 316/77 mfl. skule og bustad planid: 20210101, med tilkomst etter alternativ 1, med planomtale sist datert 04.09.23, plankart sist datert 04.09.23, føresegner sist dater 04.09.23 og ROS-analyse sist dater 04.09.23 med endringar som kjem fram under Samla vurdering i saksutgreiinga.

2. Følgjande reguleringsplan vert oppheva som følgje av godkjenning av ny reguleringsplan:

· PlanID 1439198902

3. Følgjande reguleringsplanar vert delvis oppheva som følgje av godkjenning av ny reguleringsplan:

· PlanID 1439 1994401, 1439199502, 1439197903, og 1439198903

4. Kommunedirektøren får fullmakt til å gjere naudsynte tilpassingar i planmaterialet før kunngjering.

KVA SAKA GJELD

Detaljreguleringa omfattar Skram skule med sikte på undervisningsformål og tilhøyrande anlegg.

Planforslaget

HRP AS, på vegne av Kinn kommune, inkluderer detaljregulering for Skram skule og bustad Gnr/Bnr. 316/77 med fl. Planen legg opp til etablering av ein ny skule. Ein del av dette er å leggje til rette for gode trafikk-løysingar for gåande, syklande og bilistar for å fremje trafikktryggleik. Det er òg eit mål å skape føreseielege forhold for dei private eigedommane i området, særleg med tanke på framtidas bruk til offentlege føremål eller bustader.


Formålet med reguleringa/omreguleringa

Hovudmålet med denne reguleringa er å tilretteleggje for oppføringa av ein ny skule på Skram.

I tillegg er det lagt stor vekt på å utvikle gode løysingar for trafikkavvikling for alle trafikanter, inkludert gåande, syklande og motorisert ferdsel. Trafikktryggleiken har høg prioritet. Planen vil også skape føreseielege rammer for eigarar av private eigedommar i området, ved å klargjere kva eigedommar som er tenkt regulerte til offentlege føremål, og kva eigedommar som på sikt er planlagt regulerte til bustadformål.

Forhold til overordna planar

Detaljreguleringa stemmer overeins med den gjeldande kommunedelplanen frå 2002 for området der Skram skule no ligg. I tillegg korresponderer planområdet med det framlegget til ny kommuneplan som har vore på høyring fram til 03.11.23, og det er tatt omsyn til denne samklngen i planarbeidet.





Gjeldande reguleringsplan

Reguleringsplanen frå 1989, med planid 1439198902, er ikkje lenger hensiktsmessig som grunnlag for bygging av ein ny skule. Denne planen, samt fire andre delplanar som delvis vert påverka av det nye forslaget, er foreslått oppheva og erstatta i sin heilskap. Dette inneberer ikkje praktiske konsekvensar for dei gjeldande planidene: 1439 1994401, 1439199502, 1439197903, og 1439198903

Andre aktuelle saker i området:

Det pågår eit arbeid for å regulere Øvre Skram til bustadformål. Sjølv om dette området ikkje grenser direkte til det aktuelle planområdet, ligg det så nært at det er relevant å påpeike at det vil bli utvikla nye og fleire bustader i dette området, noko som vil påverke gatestrukturen i Måløy.

Førstegongsbehandling

Planforslaget blei førstegongsbehandla av plan, miljø og næringsutvalet 21.06.23 sak 060/23 PMNUV vedtok å fremje saka, sende ut alternativ 1 og alternativ 2 ut til offentlig ettersyn.

Høyringsfråsegner

Planforslaget blei lagt ut til offentlig ettersyn i perioden frå 08.09.23 til 20.10.23. I same periode blei forslaget sendt til fråsegn mellom anna til regionale myndigheiter, grunneigarar som forslaget ville få konsekvensar for, og tenesteområde i kommunen. Det kom inn totalt 17 fråsegner. Dei følgjer saka som utrykte vedlegg. Hovudtrekka i

merknadene er refererte i eit eige vedlegg.

Motsegner

Det er ikkje varsla motsegner til planen frå fylkeskommunen, nabokommunar eller statlege fagmyndigheter der saksområdet blir påverka. Kommunestyret kan dermed vedta reguleringsplanen.

Lovheimlar

I samsvar med plan- og bygningslova § 12-12 blir saka lagd fram til vedtak for kommunestyret.

VURDERING

Innkomne merknader

Vurderinga av dei enkelte innkomne fråsegnene kjem fram av vedlegget med oppsummering av merknadane.


Utbygging

Planområdet inneber ein miks av skulebygg og private bustader. Dei fleste private bustadene, som ligg eit stykke unna den aktuelle skuletomta, vil ikkje verte påverka av den nye planen. Den nye reguleringsplanen tillet endringar av bygningsmassen på skulen, og gjer det mogleg å byggje ein kompakt og moderne skule som utnyttar tomtearealet effektivt

Alternativ 1 og 2

Begge alternativa presenterer ein bygningsstruktur som er tilpassa terrenget, med bygningar som strekk seg over fleire etasjar. Planen opne for ein skulebygningen med ei total høgde på 18 m (målt ved gjennomsnittleg planert terreng) + tillegg for heisopplegg, Soldiagrammet som er utarbeida viser at dei planlagde bygningane vil gje gode solforhold for dei nye uteområda.

Diagrammet vise eit snitt av mogleg bygningsmasse. Det høgaste punktet på dette snittet er i høgde med taket på dagens skule.




Som vist på biletet ovanfor, er bygningen konstruert til å strekke seg over tre, pluss mogleg ein fjerde etasje på det høgaste punktet, samtidig som den er utforma for å vere

kompakt og arealeffektiv. Den nye bygningsmassen vil ikkje medføre vesentlege endringar i forhold til det eksisterande skuleanlegget når det gjeld synsinntrykk frå avstand.

Det er viktig å skilje mellom kva reguleringsplanen opne for, og korleis det endelege prosjektet blir. Reguleringsplanen vise dei maksimale ytre rammene for prosjektet. Detaljprosjekteringa av prosjektet må vere innanfor desse ytre rammene, men kan godt vise at prosjektet blir mindre i omfang, enn det reguleringsplanen opne for.

Det er utarbeidd eit soldiagram for den planlagde utbygginga, som viser følgjande:

- På vår- og haustjamdøgn er den ytre skulegarden belyst av solen fram til klokka 15, og deretter aukar solinnfallet gradvis fram mot sommarsolvær.
- Fotballbanen vil nyte godt av svært gode solforhold gjennom våren, sommaren og hausten.
- Ved sommarsolvær vil bygningen kaste skygge austover i det skrånande terrenget nedanfor etter klokka 18.



Soldiagram

Uteoppfallsareal

Alternativ 1 og 2:

Både alternativ 1 og 2 tar sikte på å skape attraktive og funksjonelle uteområde som vil vere tilgjengelege for allmenta og forbetre leikemoglegheitene for barn og unge i nærområdet. Området mellom gate 4 og gate 5 vil i begge alternativa bli sikra og regulert til gangveg. Alternativ 1 vil ha noko meir uteareal enn alternativ 2

Infrastruktur

I alternativ 1 vil Gate 4 bli regulert, til 5 meters bredde. Dette vil gje rom for ei tovegskøyrte gate. Detaljert køyremønster i området må avgjerast som ein del av detaljprosjekteringa av ein skule og evt. vedtak etter veglova. Alternativ 2 foreslår å behalde eksisterande gangforbindelse og parkeringsløyser, og vidareføre gangvegen mellom gate 4 og 5 direkte til skuleanlegget. Parkering er løyst likt i begge alternativa, med tilstrekkeleg kapasitet for bilar og sykklar, samt HC-parkering i nærleiken av heis.

Kulturminne

I arbeidet med detaljreguleringsplanen for Skram skule har ein lagt vesentleg vekt på å vurdere verdiane til kulturminna i området. Skram skule har historisk sett vore eit sentralt bygg i lokalsamfunnet, med røter tilbake til 1920-talet, og har gjennomgått fleire ombyggingar gjennom åra.

I begge planalternativa er det lagt vekt på at skulebygningen frå 1920-talet er utforma i ein nyklassisistisk stil av arkitekten Anton Reimers Meyer. Bygget og omgjevnadane rundt er særprega for området og speglar ein del av Måløy si historie. Skulen er eit av fleire markante byggverk frå den tida, som samla sett utgjer ein vital del av det lokale kulturlandskapet.

Både alternativ 1 og alternativ 2 tek høgde for at bygningen ikkje er formelt verna, men tilkjenner den likevel høg verdi når det gjeld kunnskap, oppleving og bruk for samfunnet, noko som bør takast med i den vidare planlegginga.

Bygningen, som har betydeleg vedlikehaldsetterslep og endringar som har skjult mange av dei opprinnelege detaljane, ikkje har ein nasjonal kulturminneverdi som er høg nok til å kvalifisere for vern etter Kulturminnelova.

Denne oppfatninga har fått støtte gjennom ein lokal prosess med utveksling av informasjon og folkemøte, der innbyggjarane har hatt høve til å gi uttrykk for sine meiningar om byggets framtid. Kulturminnerapporten og verne vurderinga har vorte brukt som grunnlag for å trekke den slutninga at bygget ikkje har dei verneverdiane som er nødvendige for formelt vern, men at element av byggets karakter kan integrerast i den nye skulen for å halde ved lag bandet til staden si historie.


Vurdering av planalternativ

I denne saka er det to alternativ for tilkomst som er vurderte etter følgjande kriterium:

- Trafikktryggleik
- Trafikkbilde
- Levering og henting
- Økonomisk aspekt
- Uteopphaldsareal

Alternativ 1 - Forlenging av Gate 4:

Forlenging av Gate 4 som ei gjennom køyrbar gate vil betre trafikktryggleiken og skape eit meir oversiktleg trafikkbilde, til fordel for både bilistar og mjuke trafikantar, samanlikna med den noverande situasjonen. Vidare vil ei klar avgrensing mellom hente plassar og parkering minske risikoen for farlege situasjonar. Dette alternativet vil òg utvide uteopphaldsarealet med 1.6 dekar, som gir meir. Alternativet regulerer 7 bustadeigedommar til offentleg føremål.



Alternativ 2 - 'Kiss and ride'-løsning:

'Kiss and ride'-konseptet er basert på av og påtigning i gate fire, utan at gate fire blir opna for gjennomkjøring. Dette blir kan føre til auka manøvrering og potensielt farlege situasjonar på grunn av manglande skille mellom ulike trafikkfunksjonar, noko som resulterer i eit uoversiktleg trafikkbilde. Frå eit økonomisk perspektiv er det mindre kostbart å implementere 'kiss and ride'-løysinga enn å forlengje Gate 4. Dette alternativet vil gje litt mindre uteoppholdsarealet enn alternativ 1. Alternativet regulerer 5 bustadeigedommar til offentleg føremål.

Reguleringsplanen for Skram skule har vore ute til offentleg høyring, og innspel er vurderte og integrerte i det vidare arbeidet med planen. På grunnlag av høyringssvara og dei evaluerte alternativa for utviklinga av skulen, og i tråd med vedtak PMNUV-060/23, er det vedtatt å leggje fram detaljregulering for Skram skule i to alternativ. Dette er gjort for å gi beslutningstakarar, lokalbefolkninga og andre berørte eit solid grunnlag for å velje den mest hensiktsmessige løysinga for framtida til Skram skule.



Alternativ 1

legg til rette for ein utbygging av skuleanlegget med tilhøyrande fasilitetar samtidig som det blir opna for samanbinding av gate 4

Fordelar med alternativ 1

- Gjer ei heilskapleg og god løysing for ein framtidig skule.
- Etablering av eit samlande og inkluderande skuleanlegg som vil fungere som eit sosialt knutepunkt.
- Trafikksikkerheitsvurderingar for parkering for funksjonshemma og tilkomst er inkludert for å sikre tryggleiken for alle brukargrupper.
- Støttar ein livleg og tilgjengeleg sentrumsfunksjon.

Alternativ 2

foreslår mindre omfattande endringar i planområdet og vektlegg i større grad bevaring av eksisterande bustadformål samanlikna med alternativ 1. Det blir foreslått justeringar i trafikklysinga for å forbetre både sikkerheit og funksjonalitet.

Fordelar med alternativ 2

- Bevare den eksisterande bustadstrukturen og tek vare på interesser til noverande eigarar.
- Potensielt raskare gjennomførleg på grunn av mindre omfattande inngrep i

naturen.

Ein omfattande vurdering av begge alternativa har blitt utført, inkludert potensielle konsekvensar for kulturminne, trafikkforhold, landskap og særleg barn og unges interesser. Elevrådet har vore aktivt involvert i prosessen og har bidratt med innspel til utforminga av uteområde og ønskjer for leikeareal.

SAMLA VURDERING

Begge alternativa vil løyse kommunestyret sitt vedtak om at planlegging av ein skule på Skram skal ta omsyn til ein større skule på området. Val av alternativ for reguleringsplan har såleis ikkje noko med storleiken på skulen å gjere. Uansett må reguleringsplanen vedtakast for at ønska framdrift for ny skule skal kunne gjennomførast.

Planforslaget er godt gjennomarbeidd og varetek nødvendige omsyn. Kommunen står overfor fleire utfordringar i dette området. Det er ein interesse motsetnad mellom omsynet til tilkomst og ønske om stengt gate. Vekt på born og samfunnet er lagt til grunn for sluttbehandling og forslag til vedtak i saka.

Med bakgrunn i utgreiinga ovanfor tilrår kommunedirektøren at planforslaget blir vedteke med alternativ 1.

Detaljreguleringsplan for Skram, gbnr. 316/77 mfl., skule og bustad, med alternativ 1 blir vedteke med justering som er nemnt under

- Område 315/106 blir tilbakeført til bustadområde
- Auke BYA for bustadformål til 35%
- Retting av føresegn og oppsettet.

Økonomiske konsekvensar:

Endringane i reguleringsplanen vil påverke bustadeigarar i området ved at føremålet for ei rekkje eigedommar endrar seg frå bustad til offentleg føremål. Vedtak av planen, som endrar arealføremålet for private eigedommar, vil utløyse ein rett for grunneigarane til å krevje innløyssing av eigedommane.

Grunneigarane skal etter lova ha rett til "full erstatning" i samsvar med Grunnlovens § 105, som inneber at ingen skal stå økonomisk dårlegare etter ein ekspropriasjon enn før. Kinn kommune har allereie sikra eigarskap over tre av desse eigedommane, og forhandlingar med dei resterande grunneigarane er undervegs.

Dersom planalternativ 1 blir vedteke, vil 7 grunneigarar bli berørt, og kommunen har alt erverva 3 av desse eigedommane.

Dersom planalternativ 2 blir vedteke, vil 5 grunneigarar bli berørt, og kommunen har alt erverva 3 av desse eigedommane.

Gbnr	Heimelshavar	Alternativ	Beløp hittil brukt
316/308	Kinn kommune	Alt 1 og 2	Kr. 5 500 000,-
316/318	Kinn kommune	Alt 1 og 2	Kr. 2 550 000,-
316/237	Kinn kommune	Alt 1 og 2	Kr. 1 650 000,-
316/167	Privat grunneigar	Alt 1 og 2	-
316/168	Privat grunneigar	Alt 1 og 2	-
316/328	Privat grunneigar	Alt 1	-
316/360	Privat grunneigar	Alt 1	-
316/8	Privat grunneigar	Alt 1	-

Sjølv om det her er vist til grunnloven og private retter ved ekspropriasjon betyr ikkje det at det automatisk er aktuelt med ekspropriasjon av eigedommane. Dei aller fleste av grunneigarane har forståing for kommunen sitt behov for areal til, og kring skulen. Det er ut frå den dialogen som har vore god grunn til å anta at dei aller fleste sakene vil bli løyst minneleg. Grunneigarane avventar no kommunestyret sitt vedtak, og ser fram til å få ei avklaringa av sakene sine.

Dersom kommunen ervervar private eigedommar/hus, som ikkje raskt må rivast, vil kommunen ta dei i bruk som utleigebustadar inntil vidare.

Aktuelle lover, forskrifter, avtalar mm:

Plan- og bygningslova

Behandling i Kommunestyret 12.12.2023:

AP, SV, KrF - fremmer forslaget som ble vedtatt i Plan- og miljøutvalget 21.11.2023, foreslått av Doris Christensen, Kinn Arbeiderparti

1. Kinn kommunestyre vedtek framlegg til Detaljreguleringsplan for Skram, gbnr. 316/77 mfl. skule og bustad planid: 20210101, med tilkomst etter alternativ 1, med planomtale sist datert 04.09.23, plankart sist datert 04.09.23, føresegner sist dater 04.09.23 og ROS-analyse sist dater 04.09.23 med endringar som kjem fram under Samla vurdering i saksutgreiinga, samt at eigedom gbnr 315/8 blir tilbakeført til bustadområde.

2. Følgjande reguleringsplan vert oppheva som følgje av godkjenning av ny reguleringsplan:
PlanID 1439198902

3. Følgjande reguleringsplanar vert delvis oppheva som følgje av godkjenning av ny reguleringsplan:
PlanID 1439 1994401, 1439199502, 1439197903, og 1439198903.

4. Kommunedirektøren får fullmakt til å gjere naudsynte tilpassingar i planmaterialet før kunngjering.

5. Tilleggsforslag til alternativ 1 at framtidig endring av kjøremønster i Gt 4 blir vurdert i hensyn til trafikksikkerheten for området det berører, gjøres i samband med byggesakshandsaming.

Røysting:

Innstilling frå formannskapet vedtatt med 25 røyster (10 H, 5 FRP, 4 R, 2 INP, 3 SP, 1 Venstre v/ Iversen).

Innstilling frå plan- og miljøutvalet fremma av AP, SV og KF falt med 14 røyster(8 AP, 2

KOST- 184/23 Vedtak:

1. Kinn kommunestyre vedtek framlegg til Detaljreguleringsplan for Skram, gbnr. 316/77 mfl. skule og bustad planid: 20210101, med tilkomst etter alternativ 2, med planomtale sist datert 04.09.23, plankart sist datert 04.09.23, føresegner sist dater 04.09.23 og ROS-analyse sist dater 04.09.23 med endringar som kjem fram under Samla vurdering i saksutgreiinga, samt at eigedom gbnr 315/8 blir tilbakeført til bustadområde.

2. Følgjande reguleringsplan vert oppheva som følgje av godkjenning av ny reguleringsplan:
PlanID 1439198902

3. Følgjande reguleringsplanar vert delvis oppheva som følgje av godkjenning av ny reguleringsplan:
PlanID 1439 1994401, 1439199502, 1439197903, og 1439198903.

4. Kommunedirektøren får fullmakt til å gjere naudsynte tilpassingar i planmaterialet før kunngjering.

Behandling i Formannskapet 27.11.2023:

Forslag frå Raudt, foreslått av Daniel Erik Adrian Henriksson, Kinn Rødt

1. Kinn kommunestyre vedtek framlegg til Detaljreguleringsplan for Skram, gbnr. 316/77 mfl. skule og bustad planid: 20210101, med tilkomst etter alternativ 2, med planomtale sist datert 04.09.23, plankart sist datert 04.09.23, føresegner sist dater 04.09.23 og ROS-analyse sist dater 04.09.23 med endringar som kjem fram under Samla vurdering i saksutgreiinga, samt at eigedom gbnr 315/8 blir tilbakeført til bustadområde.

2. Følgjande reguleringsplan vert oppheva som følgje av godkjenning av ny reguleringsplan:
PlanID 1439198902

3. Følgjande reguleringsplanar vert delvis oppheva som følgje av godkjenning av ny reguleringsplan:
PlanID 1439 1994401, 1439199502, 1439197903, og 1439198903.

4. Kommunedirektøren får fullmakt til å gjere naudsynte tilpassingar i planmaterialet før kunngjering.

Røysting:

Innstilling frå plan- og miljøutvalet falt med 4 røyster frå SV v/Olafsson, V v/Nødseth, AP v/ Teigen og Ødegård Standal.

Raudt sitt framlegg til vedtak vedtatt med 7 røyster frå R v/ Henriksson, SP v/ Kongsvik, FRP v/ Nesje og Djuvik, H v/Berg, Brunsvik og Solheim-Olsen.

FORM- 138/23 Vedtak:

1. Kinn kommunestyre vedtek framlegg til Detaljreguleringsplan for Skram, gbnr. 316/77 mfl. skule og bustad planid: 20210101, med tilkomst etter alternativ 2, med planomtale sist datert 04.09.23, plankart sist datert 04.09.23, føresegner sist dater 04.09.23 og ROS-analyse sist dater 04.09.23 med endringar som kjem fram under Samla vurdering i saksutgreiinga, samt at eigedom gbnr 315/8 blir tilbakeført til bustadområde.

2. Følgjande reguleringsplan vert oppheva som følgje av godkjenning av ny

reguleringsplan:
PlanID 1439198902

3. Følgjande reguleringsplanar vert delvis oppheva som følgje av godkjenning av ny reguleringsplan:
PlanID 1439 1994401, 1439199502, 1439197903, og 1439198903.

4. Kommunedirektøren får fullmakt til å gjere naudsynte tilpassingar i planmaterialet før kunngjering.

Behandling i Plan- og miljøutvalet 21.11.2023:

Tilleggsforslag frå Arbeiderpartiet til alternativ 1, foreslått av Stine Kråkenes Øvrelid, Kinn Arbeiderparti

Tilleggsforslag til alternativ 1 at framtidig endring av kjøremønster i Gt 4 blir vurdert i hensyn til trafikksikkerheten for området det berører, gjøres i samband med byggesakshandsaming.

Alternativ, foreslått av Roy Solheim Husevåg, Kinn Rødt

Administrasjonens forslag
09.11.2023

Kinn kommunestyre vedtek framlegg til Detaljreguleringsplan for Skram, gbnr. 316/77 mfl. skule og bustad planid: 20210101 , med tilkomst etter alternativ 2, med planomtale sist datert 04.09.23, plankart sist datert 04.09.23, føresegner sist dater 04.09.23 og ROS-analyse sist dater 04.09.23 med endringar som kjem fram under Samla vurdering i saksutgreiinga.

Følgjande reguleringsplan vert oppheva som følgje av godkjenning av ny reguleringsplan:

PlanID 1439198902

Følgjande reguleringsplanar vert delvis oppheva som følgje av godkjenning av ny reguleringsplan:

PlanID 1439 1994401, 1439199502, 1439197903, og 1439198903

Kommunedirektøren får fullmakt til å gjere naudsynte tilpassingar i planmaterialet før kunngjering.

Avdelingsleiar arealplan Janicke Svendal og rådgjevar Martin Sørland Barlla orienterte om saka.

Kommunalsjef Rolf Bjarne Sund kom med forslag til tillegg/endring til kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak under pkt. 1.

1. Kinn kommunestyre vedtek framlegg til Detaljreguleringsplan for Skram, gbnr. 316/77 mfl. skule og bustad planid: 20210101, med tilkomst etter alternativ 1, med planomtale sist datert 04.09.23, plankart sist datert 04.09.23, føresegner sist dater 04.09.23 og ROS-analyse sist datert 04.09.23 med endringar som kjem fram under Samla vurdering i saksutgreiinga, samt at eigedom gbnr 315/8 blir tilbakeført til bustadområde.

Røysting:

Det vart røysta over alternativt forslag frå repr. Roy Solheim Husevåg (Rødt) dette falt med 3 røyster. (Rødt v/Roy Solheim Husevåg, Frp v/Kjell-Bjørn Refvik og INP v/Jan Gunnar Holvik.

Det vart røysta over kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak med tillegg i punkt 1,

dette vart samøystes vedtatt.

Det vart røysta over tilleggsforslag frå repr. Stine Kråkenes Øvrelid (AP) dette vart samrøystes vedtatt.

PMUV- 088/23 Vedtak:

1. Kinn kommunestyre vedtek framlegg til Detaljreguleringsplan for Skram, gbnr. 316/77 mfl. skule og bustad planid: 20210101, med tilkomst etter alternativ 1, med planomtale sist datert 04.09.23, plankart sist datert 04.09.23, føresegner sist dater 04.09.23 og ROS-analyse sist dater 04.09.23 med endringar som kjem fram under Samla vurdering i saksutgreiinga, samt at eigedom gbnr 315/8 blir tilbakeført til bustadområde.
1. Følgjande reguleringsplan vert oppheva som følgje av godkjenning av ny reguleringsplan:
PlanID 1439198902
2. Følgjande reguleringsplanar vert delvis oppheva som følgje av godkjenning av ny reguleringsplan:
PlanID 1439 1994401, 1439199502, 1439197903, og 1439198903.
1. Kommunedirektøren får fullmakt til å gjere naudsynte tilpassingar i planmaterialet før kunngjering.
2. Tilleggsforslag til alternativ 1 at framtidig endring av kjøremønster i Gt 4 blir vurdert i hensyn til trafikksikkerheten for området det berører, gjerres i samband med byggesakshandsaming.

Vedlegg i saken:

Innkomne merknadar høyring_datert 20231113

_Alt1_01_Planbeskrivelse detaljregulering Skram Skole, gbnr 31677 m.fl., .PlanID 20210101. Alternativ1

_Alt1_02_Planføresegner_Detaljregulering_Skramskule Planid 20210101 Alternativ1

_Alt1_03_Plankart_Detaljregulering Skram Alternativ1

_Alt1_04_ROS-analyse_Detaljregulering Skram skole PlanID 20210101_Altenativ1

_Alt1_05_Trafikkanalyse - Skram skole_Altrenativ1

_Alt1_05b_Skram skole - Trafikknotat Gate 4_Altrenativ1

05_Miljøprogram Skram skole

06_Miljøsaneringsbeskrivelse Skram skole

07_Tilstandsvurdering Skram skole

13_Skram skole - Rapport utredningsfase

14_Skram skole alternativsvurdering ny barneskole

15_Overordnet geoteknisk rapport - Skram skole

16_Kulturminnerapport Skram skole

17_Vernevurdering Skram skole

18_Flomrapport Skramselva

_Alt2_01_Planbeskrivelse_Detaljregulering Skram skole gr.nr.br.nr 31677 m.fl. Planid 20210101-Alternativ 2

_Alt2_02_Planføresegner_Detaljregulering_Skramskule gnr.br.nr 31677 med fl.

Alternativ 2 Planid 20210101


_Alt2_03_Plankart_Detaljregulering Skram skole Alternativ 2

_Alt2_04_ROS-analyse_Detaljregulering Skram skole gnr.br.nr 31677 med fl. Alternativ 2

_Alt2_05_Trafikkanalyse_Detaljregulering Skram skole gnr.br.nr 31677 med fl.

Alternativ 2

Plansak for offentlig ettersyn - Detaljregulering for Detaljreguleringsplan for Skram,
gbnr. 316/77 mfl., skule og bustad



Saksnr.	Utval	Møtedato
140/23	Formannskapet	27.11.2023
185/23	Kommunestyret	12.12.2023

Saga Kraftverk - igangsetting og val av driftsmodell

KOST- 185/23 Vedtak:

1. Kinn kommune går vidare med utbyggingsplanar for Sagaelva Kraftverk.
2. Kinn kommune etablerer Sagaelva Kraftverk AS. Formålet med selskapet er å bygge ut og drifte kraftverket på Saga. Aksjeselskapet skal fullt ut stå for lånefinansiering av prosjektet, samt framtidig drift, slik at dette ikkje belastes ordinær kommunal drift.
3. Sagaelva Kraftverk AS vert å etablere med Kinn kommune som majoritetseigar.
4. Kommunedirektøren får fullmakt til å forhandle med relevante aktører om del-eigarskap i selskapet oppad avgrensa til 49%, med formål å fordele kapitalbelastning, tileigne selskapet spisskompetanse, fordele risiko, og få på plass ein effektiv modell for FDV i driftsfasen
5. Kommunedirektøren legger fram eiga sak om etablering av aksjeselskap, der val av styre, vedtekter med vidare vert beslutta.

Kommunedirektøren skal greie ut korleis ein kan opne opp for at innbyggjarar i Kinn kan bli aksjonærar i selskapet gjennom ei ordning med «folkeaksjar» som del av dei inntil 49 % av eigarskapen som skal hentast inn eksternt.

Vedtak som innstilling frå Formannskapet - 27.11.2023

1. Kinn kommune går vidare med utbyggingsplanar for Sagaelva Kraftverk.
2. Kinn kommune etablerer Sagaelva Kraftverk AS. Formålet med selskapet er å bygge ut og drifte kraftverket på Saga. Aksjeselskapet skal fullt ut stå for lånefinansiering av prosjektet, samt framtidig drift, slik at dette ikkje belastes ordinær kommunal drift.
3. Sagaelva Kraftverk AS vert å etablere med Kinn kommune som majoritetseigar.
